

# Kyrjeklokka

Nr 4 - 2017

Kyrkeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld

81. årgang



Foto Simen Gald

*God jul*



## Adventsvers

Tenn lys- ett lys skal brenne  
For denne lille jord,  
Den blanke himmel-stjerne  
der vi og alle bor.

Må alle dele håpet  
så gode ting kan skje.  
Må jord og himmel møtes,  
ett lys er tent for det.

Tenn lys- to lys skal skinne  
for kjærlighet og tro,  
for dem som viser omsorg  
og alltid bygger bro.

Må fanger få sin frihet,  
og flyktninger et hjem!  
Tenn lys for dem som gråter,  
og dem som trøster dem.

Tenn lys- tre lys skal flamme  
for alle som må sloss  
for rettferd og for frihet,  
de trenger hjelp fra oss.

Må ingen miste motet  
før alle folk er ett.  
Tenn lys for dem som kjemper  
for frihet og for rett!

Tenn lys- nå stråler alle  
de fire lys for Ham  
som elsker alt som lever,  
hver løve og hvert lam.  
Tenn lys for Himmelkongen  
som gjeterflokken så,  
nå møtes jord og himmel  
i barnet lagt på strå





# Han som kom for sent

av Hege Høibye

## En legende



Dere har kanskje hørt om de tre vise menn, Caspar, Melchior og Baltazar – kongene som kom fra øst da Jesus ble født og som hadde med seg gull, røkelse og myrra? Men det var en fjerde vismann, og ikke så mange har hørt om ham. Han het Corredan. Corredan kom for sent. Da stjernen viste seg for vismennene og de forstod at en stor konge ville bli født, ble de enige om et møtested, og så gikk de hver til sitt for å forberede seg til reisen. Klær måtte pakkes, og mat og alt de og dyrene deres trengte – men viktigst av alt var å finne frem gavene de skulle ta med til den store kongen!

Corredan kunne ikke bestemme seg. Han måtte finne den perfekte gaven, det fineste han hadde i skattekammeret sitt. Corredan så på den ene skatten etter den andre, men han kunne ikke finne den perfekte gaven. En gullforgylt krone? Nei, kongen hadde vel allerede en krone. En signetring? Men han visste ikke hvilket merke kongen ville ha som segl. Vakre klær? Kongen hadde sikkert nok av det, og myke pakker... nei, han måtte finne noe annet. Til slutt fant Corredan tre edelstener: en grønn smaragd, en rød rubin og en klar diamant. Disse kunne han gi: vakert skåret og uten feil.

Men han hadde brukt så mye tid på å lete at nå hadde han dårlig tid! Og da han kom frem til møteplassen, hadde de tre andre dratt. Det

eneste som stod igjen, var en hilsen risset inn i barken på en palme: *Velkommen etter!* Stjernen kunne han ikke se, men sporene etter de andre var heldigvis lette å følge, ikke mer enn en dag gamle. Corredan la i vei med godt mot, men samme hvor raskt han red, klarte han ikke å ta dem igjen. Han fulgte sporet helt til han kom ut i ørkenen, men der forsvant det for ham. Vinden hadde blåst sanddynene omkring og visket det ut. Hvor skulle han dra?

Da hørte han det: *Barnegråt.*

Corredan snudde seg. Han red etter lyden, og snart fant han restene etter en karavane. Der, alene, satt det en liten gutt. Han red bort til gutten og barnet sluttet å gråte. Det strakte hendene opp mot Corredan, og han løftet ham opp. Gutten klynget seg til Corredan, og han tok ham med seg. De red videre, og der! Der var stjernen, den som var blitt borte for ham! Han fulgte stjernen til han kom til en by. Der fant han en kvinne som ville ta seg av gutten, og Corredan gav henne diamanten, den som var klar og ren, før han dro.

Gaven var ikke lengre perfekt, for nå hadde Corredan bare to edelstener å gi til kongen. Likevel, stjernen var der, klar og lysende, og han fulgte den helt til han kom til en ny by og stjernen stoppet over et nytt hus. Corredan steg av hesten. Døren til huset åpnet seg, og ut kom det et begravelsesfølge. Bak båret gikk det en kvinne med flere var barn, og de gråt verre enn alle de andre. Mannen i huset var død, og det var enken og barna hans som klaget slik. Og enken kunne ha nok å gråte over, fikk Corredan vite, for ikke bare var mannen død, men han etterlot seg en stor gjeld. Etter begravelsen ville kreditorene ta huset, og hun selv og barna ville bli solgt på markedet for å dekke gjelden. Corredan fant frem

smaragden, grønn og skinnende, og gav den til enken.

Nå var bare rubinen tilbake, den mest verdifulle av alle edelstenene. Corredan var enda mer forsinket enn før, og sporene etter de tre andre var for lengst borte. Men stjernen lyste fremdeles, og han fulgte den. Stjernen førte ham langt bort til et annet land, et land med krig og uro. Der stoppet stjernen over en liten by. Røk hang i luften, og soldater hadde omringet byen og inntatt den. Alle innbyggerne i byen hadde blitt samlet på torget der, omringet av soldater, for hele byen skulle slaktes ned. Corredan fant kommandanten og tok fram rubinen. Den funklet i lyset fra ilden, rød som blod. «For byen,» sa han. «For disse menneskenes liv.» Og kommandanten tok rubinen, og soldatene forlot byen.

Ingenting hadde Corredan igjen til den store kongen. Veien hjem visste han ikke, og når han dro fra byen, så han ikke lengre etter stjernen: hvordan kunne han dra til den store kongen uten gaver? Så han dro omkring på måfå. Hesten ble gitt til en som trengte den. De fine klærne sine gav Corredan også bort etterhvert. Han streifet omkring som en tigger, til han en dag kom til en havneby. Der fikk han se en mann som ble ført bort for å ro et av skipene. Mannen klaget høyt, for han hadde kone og barn han ikke visste hvordan skulle klare seg. Nå hadde Corredan ingenting igjen, ikke engang drømmen om å få se den store kongen. Bare seg selv og fillene på kroppen. Så Corredan tok mannens plass ved årene.

I mange år rodde han, lenket fast til åren. Han så ikke annet enn de som satt rundt ham, gulvet under og dekket over dem. Han glemte lyset fra stjernene og varmen fra solen. Han rodde og han rodde, og

visste ikke hvor skipet dro. En natt drømte Corredan, og i drømmen så han stjernen, den han hadde fulgt for mange år siden. I drømmen stod den rett over ham, og han synes han hørte den viske.

«Kom, Corredan! Kom! Skyndt deg, kom! Snart er det for sent.»

Han våknet med et rop på leppene – for sent! – men rundt han var det mørkt og ingen stjerner lyste. Men neste morgen kom de til land. Corredan ble hentet opp og satt fri; gjelden han hadde tatt på seg mange år før, var endelig betalt. Han gikk i land, og der syntes han se, selv midt på dagen, stjernen lyse. «Skyndt deg! Kom!» hvisket den til ham, om Corredan fulgte den. Han hadde ikke tid til å hvile. Hadde han hatt styrke til det, hadde han løpt. Han gikk og han gikk, og mens han gikk hørte han stjernen kalle på ham: «Kom! Skyndt deg, kom!» og han gikk så fort han kunne. Når han måtte stoppe for å hvile, la han seg på bakken og sov, men selv i søvne hørte han stjernen rope; «Snart er det for sent!» Og han våknet, og hastet videre.

Etter dager kom han til en stor by, fult av mange mennesker. Han fulgte stjernen inn i byen, inn i trengselen der han kjempet seg frem. Gjennom byen førte stjernen ham, og ut på den andre siden. Der var det en stor høyde, og på den høyden stod det tre kors. Corredan subbet seg frem, men sank sammen, for han hadde slitt seg ut på veien. Hjertet hans orket nesten ikke lengre å slå. «For sent,» sukket Corredan. «Aldri fant jeg den store kongen. Aldri fikk jeg gitt ham min gave.»

Han så opp, for å se stjernen en siste gang. Den hadde stoppet over det midterste korset. Der hang det en mann, og over ham stod det skrevet: «Jødernes konge.»

Mannen åpnet øynene og så på han, og han synes han kunne høre ham snakke som om han stod helt nær. «Corredan,» sa mannen. «Du kom. Og gaven din var fullkommen.»

## Sjørøvarfest for 4-åringane i haustferien

av Beate Nes

Splitte mine bramsegl, det har vore sjørøvarfest for 4 åringar!

Vi kosa oss med skattejakt, pølsefest og eit møte med ein sjørøvar som ikkje fekk det heilt til.. Han hadde nemlig aldri funne ein einaste skatt!

Heldigvis kunne 4-åringane hjelpe han å finne skatten!

Det var to sjørøvarfestar, ein i Nedstryn og ein i Randabygd. Vi gler oss alt til ny sjørøvarfest neste haust.



fiskedam



Sjørøvere i Randabygd har funne skatten



sjørøvere i Nedstryn hører om Jesus som stiller stormen





### Kontortider - telefon - e-post

Måndag er sokneprestane sin fridag.

#### Stryn kyrkjekontor

Postadresse: Tonningsgata 4  
Besøksadresse: Rognehaugen 11  
E-postadresse: kyrkja@stryn.kommune.no  
Heimeside: www.stryn.kyrkja.no

#### Hornindal prestekontor

Tlf 57 87 98 33  
Mobil 930 01 473  
Sokneprest Hege Høibye  
sokneprest@hornindal.kommune.no

#### Innvik prestekontor

Tlf 57 87 41 23/Privat 57 87 41 15  
Mobil 911 84 241  
Sokneprest Harald Runde  
Tysdag, torsdag og fredag kl 10 - 12  
runde.harald@gmail.com

## Kyrkjelokka

Web: www.kyrkjelokka.no

Bladet vert sendt til alle husstandar i Hornindal og Stryn kommunar

#### Stryn kommune

Kyrkjeverje Børre Lian  
Tlf 57 87 61 84  
Mobil 913 27 882  
borre.lian@stryn.kommune.no  
57 87 61 80 Telefonsentral  
57 87 61 81 Sekretær Margrete Lillestøl  
57 87 61 81 Sekretær Anne L. Honningsvåg

#### Hornindal kommune

Kyrkjeverje Anne Lødemel Honningsvåg  
Tlf 57 87 98 34  
Mobil 459 14 954  
Måndag og torsdag kl. 09 - 13  
anne.honningsvag@hornindal.kommune.no

#### Redaktør for dette nummeret er:

Knut Sigurd Gald  
post@kyrkjelokka.no

#### Forretningsfører abonnement/adresseendring:

John Selmer Skiftesvik  
6788 Olden. Tlf 990 28 076  
john.skiftesvik@eninvest.net

Bankgiro 0538 18 51054  
Bankgiro 3795 30 05108  
Kontingenten er frivillig.  
Vi takkar for betaling og støtte.

#### Stryn prestekontor

Tlf 57 87 61 85  
Mobil 948 32 875  
Sokneprest Henny Koppen  
Mobil 916 01 630  
henny.koppen@stryn.kommune.no

#### Trusoplæring

57 87 61 82 Trusoplærar  
Guro Petronella Enerhaug  
57 87 61 83 Kateket  
Beate Nes

Sogn og Fjordane Teater skal vere i

**Hornindal kyrkje 6. desember kl 19:00**

med framsyninga «Miriam si forteljing – Juleevangeliet»

<https://www.softeater.no/aktuelt saker/p-sporet-av-julefreden>



Foto Oddleiv Apneseth

Å levandegjere ei historie som kanskje ikkje er levande for oss lenger. Dette var eitt av forfattar Håvard Rem sine ønske, då han bestemte seg for å gjenfortelje sjølvaste juleevangeliet med ei heilt ny stemme som utgangspunkt.

I Håvard Rem sin tekst er det

Miriam, søstera til Josef og ei kvinne av folket, som fører ordet. Gjennom henne kjem ein ikkje berre tett innpå menneska og omstenda rundt Jesu fødsel, men også dei urolege og spente tidene desse menneska levde under. For også på den tida var det store spenningar mellom Europa og Midtausten.

Miriam si forteljing - juleevangeliet, er eit forsøk på ei meir jordnær tilnærming til denne fasinerande historia som på ein måte pregar heile vår kultur, og kanskje er det viktigare enn nokon gong å lytte til ei stemme frå historia, noko juleevangeliet nettopp er.



Av Henny Koppen

Tankar langs vegen...



## Kjekke opplevingar som barne- og ungdomsleiarar

Ein kveld dukka det opp eit bilete på instagram, på kontoen til ein speidarleiar. Biletet viste ein mørkeblå kveldshimmel, med ei gul lysstripe nedst. Sola hadde nettopp gått ned, og himmelen nærast jorda heldt på gløden ei lita stund til. I front, svarte konturar av eit tre, med greiner som strekte seg oppover. Denne teksten sto under biletet: «I dag: Speidarmøte på sætra. Først solnedgang, og så ein fantastisk stjernehimmel. Bland dette med bål, lek, kakao og ein gjeng kjekke ungdommar, så har du det eg kallar ein fin kveld»

På facebook same dag. Rapport frå ein leiar: «Øving med barnekoret. Utruleg kjekt, flinke born og masse energi med meg heim».

Å, no kjem dette maset om å ta på seg leiaroppgåver, tenkjer du vel. Eg skal ikkje nekte for at det ligg snublande nær, for vi kunne drive eit mykje større og meir omfattande arbeid enn vi gjer, viss fleire tok tak, men det eg har endå meir lyst til å fortelje om, det er opplevinga av å vere leiar. For det skjer mykje i kyrkjelydane våre, der er mange som står på, som vi seier, og det som er så kjekt, det er når leiarane opplever det det akkurat slik som desse to som nettopp ytra seg på sosiale medium.

At du orkar, seier nokon til meg av og til. At du orkar å halde på med dette speidararbeidet i år etter år. Vel, - det har ikkje vore

like lystbetont alltid, aller minst når folk nærast har uttrykt misunning for at eg får lov å reise rundt og ha det gøy, når eg mest av alt har hatt behov for at dei var med og hjelpte meg, i det minste heldt meg med selskap. Med åra har det gått den vegen, vi har etter kvart blitt mange vaksne som deler opplevingar saman med speidarane.

Eg må fortelje om ei hending frå den fyrste speidartida i Stryn. Vi skulle på leir, eg og 8 jenter, og alle var så å seie utan erfaring. Eg grudde meg veldig, og hadde fått nei frå svært mange eg hadde spurt om hjelp. To unge damer kom forbi kvelden før vi skulle reise. Eg la fram frustrasjonen min for dei, og dei lovde å be for meg. Det var då fint, men eg følte meg ikkje heilt trygg på at det skulle endre noko. Men det gjorde det. Neste morgon kom dei to kvinnene på kjøkenet med fylgjande melding: «Vi bad for deg vi, Henny, og plutsleg kom det for oss at vi skulle bli med deg». Eller for å vere heilt nøyaktig, dei sa det slik: «Gud sa til oss at vi skulle vere med deg». Det berga leiren. Og søndag kom det i tillegg tre foreldrepar frå Stryn og tok eit tak med alt vi ikkje hadde fått ferdig. Då var det godt å vere leiar.

Og stort sett er det godt. Vi møter takknemlege foreldre og blide born. Og vi får mange opplevingar som vi veks på, vi leiarane og. Det er faktisk veldig ofte vi

sit att med den kjensla som var skissert i starten av dette innlegget.

Mange av dei vi spør om å hjelpe til, seier ja. Dei kjem og blir med i kortare eller lenger tid. Der er oppgåver av alle slag i kyrkjelydsarbeidet, nokon kan gå rett inn i ei oppgåve, andre lærer langs med. Men det er ikkje sikkert alle som har lyst, har fått spørsmål. Det er mulig du har «fått det for deg» at du skal bidra, men så har ingen spurt. I så fall synest eg du skal ta kontakt med kyrkjelyden din og melde deg til teneste.

«What is in it for me», er eit spørsmål mange stiller seg. Det høyrest kanskje ikkje spesielt kristeleg ut, ein har gjerne tenkt at i kyrkjelyden skal ein berre yte og stille opp utan å få noko att for det. Men slik er det ikkje. Å bidra på denne måten gir glede og energi, og er du heldig kjem du inn i eit leiarfellesskap der du kan finne vennskap og inspirasjon. Eg lovar ingenting, men det er kanskje verdt å prøve.

*Men det er ikkje sikkert alle som har lyst å være med som barne- og ungdomsleiarar, har fått spørsmål. I så fall ta kontakt med kyrkjelyden din og meld deg til teneste.*



## Konfirmantjubileum i Olden 2017

- Møyfrid Sømme Kvamme, soknerådsleiar

50-60-70 og 80 års konfirmantane var invitert til gudsteneste 10 september i Olden kyrkje, der og årets konfirmantar vart presentert, og det var barnedåp.

10 jubilarantar møtte. To 50-års konfirmantar, sju 60-års konfirmantar og ein 70-års konfirmant. Ei fin samling i kyrkja der Harald Runde var liturg, og kateket Beate Nes presenterte årets konfirmantar og heldt preika. Etter gudstenesta var det samling i Singerheimen med god middag, bløtkake og kaffi. Praten gjekk lett rundt borda, og vi hadde ei trivelig stund.



Framme f.v: Petra Elisabet Vanberg Steinsvik, Anne Lise Muri, 2. rekke f.v: sokneprest Harald Runde, Gunnar Skarstein, Margun Liv Agjeld By, Anna Spencer Vangberg, Berit Liv Frøholm Bruland, Arne Per Fløtre, 3. rekke f.v: Jakob Lars Aaberg, Olav Strand, Bjørn Steinar Muri

## Kyrkjeverja tek HMS på alvor

Tekst og foto: Geir-Ståle Vatnamo

I fleire av kyrkjene i Stryn har det til no vore fleire «farlege hønsetrappar» opp til klokke-tårnet. Derfor har kyrkjetenarane måtte klatre nesten rett opp for å ta dei 3 x 3 slaga etter ei gudsteneste eller gravferd. Det har til dels vore dårleg rekkverk og sikring i desse trappene.

I Nedstryn har kyrkjetenar og møbelsnekkar Jens Rauschenbach laga nytt rekkverk opp til tårnet. I Innvik kyrkje har snekkar Otto Frøholm laga heilt ny trapp med repos og sikra med rekkverk. Dette var heilt naudsynt for å kunne følgje byggeforskriftene og HMS (helse, miljø, sikkerhet).



Her sit Jens Rauschenbach i trappa. Snekkar Otto Frøholm til høgre.

## Ny sokneprest i Stryn prestegjeld

av Svein Rønne

Tidlegare i haust vart Henny Koppen innsett som sokneprest i Stryn, etter to år som vikar i denne stillinga. Kyrkjelokka har intervjuet henne om overgangen frå å vere musikk lærar til å bli prest, og intervjuet kan du lese her.

- Du har fungert som vikar-sokneprest for kyrkjelydane i Oppstryn, Nedstryn og Loen i snart to og eit halvt år. Vi ynskjer deg no velkommen som fast tilsett sokneprest. Du er godt kjend i Stryn og du har vore svært aktiv i både frivillig arbeid og som tilsett i skulen og kyrkja. Kan du seie noko om bakgrunnen din med utdanning og arbeidet du har hatt?

I utgangspunktet ville eg utdanne meg til kateket, og eg starta med KM-lina på Distriktshøgskulen i Volda, line for kristendom og menighetsarbeid. Sidan vart det tre mellomfag som det heitte den gongen, i kristendom, pedagogikk og musikk. Praktisk-pedagogisk utdanning tok eg og, for å kunne undervise. Seinare tok eg eit hovudfag i musikk, og eg har nokre studiepoeng i administrasjon og leining, og i praksisrettleiing. Eg jobba nokre år som kateket i Trondheim, før eg kom til Olden som lærar i 1981. Ganske snart fekk eg jobb som krinssekretær i KFUK-KFUM Nordfjord, og der jobba eg i sju år. I 1989 hadde eg tre born, og behovet for ei meir ordna arbeidstid melde seg. Så vart eg lærar, fyrst på Stryn ungdomsskule, seinare på høgskulen i Sogndal, og til slutt i Volda. Det siste året i Volda jobba eg 80%, og tok praktisk-teologisk utdanning ved sida av. Dette studiet tok eg ved universitetet i Tromsø.

- Speiderarbeidet har vore di



store sak, og du er no leiar for den største (KFUK-KFUM) speidargruppa i landet. Dette må vi få vite meir om.

Etter fleire år med ten sing og ungdomsklubbarbeid fekk eg lyst å prøve noko nytt, så då eg kom til Volda for å studere, takka eg ja til å hjelpe til i speidargruppa der. Her vart eg del av eit sterkt og godt leiarfelleskap, og eg fekk delta på leirar saman med gruppa. Opplevinga av å klare store utfordringar saman med patruljen, gav meirsmak. Gjennom åra har eg sett mange born og unge utvikle seg til sjølvstendige, trygge menneske, i eit fellesskap der dei slepp å konkurrere og der dei lærer å klare seg gjennom meir eller mindre tøffe

erfaringar i naturen. Eg likar det. Eit stabbur vart utgangspunktet for speidarargruppa i Stryn. Då det skulle leggjast ny veg forbi hotella på Visnes, måtte stabburet til hotell Central flyttast. Det vart diskusjon om plasseringa, og Reidar Bø, som då sat i formannskapet, foreslo å overlate stabburet til Stryn KFUK-KFUM viss dei ville starte speidararbeid i Stryn. Slik vart det, og stabburet har vore vår base i alle desse åra. Vi tek inn born frå 3. klasse, og fleire held fram til dei flyttar frå Stryn.

Denne hausten arrangerer rovergruppa vår, Rufs, roverball for unge speidarar frå heile landet, på Storesunde skule. Utfordringa med å drive eit arbeid i små grupper, er at det trengs mange, vaksne leiarar. Denne hausten såg det ut til at vi ikkje skulle klare å kome i gong med nye 3.-klassingar, men då hausten kom hadde vi fire vaksne på plass og i tillegg to unge jenter som ville ta ansvar, og no har vi 30 born med frå 3. klasse, også i år. Det største problemet vårt er eigentleg at vi har for mykje utstyr. Det er



T.v.: Nytilsett sokneprest Henny Koppen og prost Rolf Schanke Eikum



ikkje lenger plass på speidarhuset, og vi finn ingen sentral stad å oppbevare telt og anna utstyr som vi treng heile tida. Så viss noko har eit tomt uthus....

- Kva var grunnen til at du etter so mange år ynskte å vidareutdanne deg til å bli prest og skifte yrke?

I musikkutdanninga mi hadde eg orgel som hovudinstrument, og det vart til at eg begynte å vikariere som organist alt i studietida. Gudstenester og kyrkjeleg aktivitet har fylgt meg heile livet, og då to ulike menneske utfordra meg til å søkje presteteneste tenkte eg; ja, viss det er muleg med den bakgrunnen eg har, så kvifor ikkje. Eg tenkte at eg kanskje hadde noko å bidra med. Så då eg slapp gjennom nålauget i godkjenningsnemnda og på praktikum, søkte eg jobb i Nordfjord, og her blir eg nok til det er på tide å gi seg i arbeidslivet.

- Du har no vore prest litt over



to år, kva erfaringar vil du dele med oss frå denne tida?

Eg starta som prostiprest i Nordfjord, ei vikarpreststilling. Etter berre eit par månader var eg fast vikar her i Stryn, og no er eg altså innsett i tenesta her. Eg har fått ei varm mottaking, og eg synest alt eg gjer er ei glede. Eg møter menneske i sorg og til fest, og eg får veldig mange tilbakemeldingar som inspirerer og oppmuntrar. Eg trivst saman

*T.v.: Soknerådsleiar i Nedstryn Svein Rønne og sokneprest Henny Koppen. Bak ser vi kateket Beate Nes*

med sokneråda og er imponert over alt dei får til. Staben, både i trusopplæringa, i kyrkjene og på gravstadane er dyktige, hyggelege menneske som eg set stor pris på å få vere saman med. Eg må berre takke for all omsorg og gode ord, så ser eg fram til eit vidare, godt samarbeid med alle partar i tida som kjem.

## Fyrsteklassesklubb

*av Beate Nes*

De kan tru vi kosar oss på fyrsteklassesklubb. Vi har høyrte om Bartimeus, og prøvd korleis det er å gjere ting utan å kunne sjå. Vi har mala sjølvportrett på

fat- som vi får ta med heim og steike, så det tåler vask og bruk. Vi har leika og kost oss med ni-

stemat, og vi har lært nokre nye songar. Bilda er frå klubb-samlinga i Hornindal.



# Den norske kyrke i endring

av Hege Høiby

Den norske kyrke i endring – kva er de økonomiske konsekvensane av at DNK har blitt eget rettssubjekt?

Første januar i år blei Den norske kyrka eige rettssubjekt. Dette fører med seg mange endringar, og ei av dei er måten kyrkja vert finansiert. For sjølv om grunnlova slår fast at staten framleis skal på ei særleg måte understøta Den norske kyrkja, har staten no ikkje lengre dei pliktene han hadde som arbeidsgjevar.

No er det ikkje så lett å få oversikt over økonomien til Den norske kyrkja, for vi har framleis to arbeidsgjevarlinjer: Fellesråda og deira tilsette, og bispedømeråda og deira tilsette – hovudsak prestane. Der fellesråda får sine tilskot frå kommunane, har prestane til no verte løna av staten. I tillegg har ein del av utgifta vore skjult fordi kyrkja kunne nytte seg av andre tenester frå Staten: bl.a. IKT-tenester og tenester innan personal- og økonomiforvaltning o.a. (Prop. 1 S (2016–2017) Kulturdepartementet s. 124). Vi har difor ikkje nøyaktige tal å samanlikne med.

Det vi har sett, er at bevillingane som vart gjeve i 2017 har gjort at

bispedømeråda, som i hovudsak lønar prestane, har fått mindre pengar, og det har ført til kutt i prestestillingar over heile landet. I følgje Presteforeninga er det 32 prestestillingar som i år har blitt kutta, eller anbefalt kutta. Budsjettforslaget for 2018 gjev ikkje teikn på at den trenda skal snu.

I 2017 fekk Den norske kyrkja 1 969 173 kr i rammetilskott gjennom Statsbudsjettet (saldert budsjett.) Dette skulle dekke løn, tilskot til trusopplæring og diakoni, og utgiftene ved drifta av det nye rettssubjektet. Fellesrådas tilskot frå kommunane er ikkje del av dette tilskottet, og kutt i stillingar som følgje av dette budsjettet har difor for det meste ramma prestestillingar. Budsjettforslaget for 2018 gjev ei rammebevilling på 1 991 100, ein auke på 1,1 % , noko som er lågare enn den generelle lønsveksten (1,6 % for 2016 ifg Statistisk sentrabyrå, SSB).

Det er allereie lav prestebemanning i Norge, i følgje SSB var det i 2016 1,09 kyrkjelege årsverk pr 1000 innbyggjarar i Norge. Av dei var 0,82 årsverk løna av Kyrkjeleg fellesråd, og 0,25 av Bispedømeråd. Men det kan sjå ut for at fleire prestestillingar

kan bli kutta, og fleire stader difor kan bli utan eigen prest.

Eg veit ikkje kor optimistisk eller pessimistiske vi bør vere for framtida for Den norske kyrkja, men dette året har vist at kyrkja kan bli sårbar for svingingar i bevillingane frå stat og kommune. Kan hende må vi som er medlemmar måtte bidra meir direkte i framtida om vi ønskjer å ha same aktivitetsnivå som før.

Det er i haust komme ei høyring om forslag til ny trussamfunnslov, der rammene for finansiering er eit av punkta. Denne lova vil ha mykje å seie for korleis kyrkja kan utvikle seg i framtida, og for økonomien til å drive ei folkekyrkje. Det er difor ei viktig høyring å delta i.

Kilder:

Prop. 1 S (2016–2017) Kulturdepartementet: <https://www.regjeringen.no/contentassets/34122e137e0d457c868ae05ac6ee4701/no/pdfs/prp201620170001kudddpdfs.pdf>

<https://www.regjeringen.no/no/tema/tro-og-livssyn/den-norske-kyrke/innsiktsartikler/kirkens-okonomi/id2009472/>

<https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/statistikker/lonnansatt>

<http://www.prest.no/faerre-prester-svekket-folkekirke/>

<https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/aktuelt/-nok-et-svakt-kirkebudsjet/>

Tal er også henta frå nøkkeltal og grunnlagsdata i statistikkbanken for Den norske kyrkje hos SSB: [https://www.ssb.no/statistikkbanken/SelectTable/hovedtabellHjem.asp?KortNavnWeb=kyrke\\_stra&CMSSubjectArea=kultur-og-fritid&StatVariant=&PLanguage=0&checked=true](https://www.ssb.no/statistikkbanken/SelectTable/hovedtabellHjem.asp?KortNavnWeb=kyrke_stra&CMSSubjectArea=kultur-og-fritid&StatVariant=&PLanguage=0&checked=true)

Meir fyrsteklassesklubb





# Hausttakkegudsteneste i Utvik kyrkje

av Kari-Anne T. Haveland

Søndag 15.oktober var Utvik kyrkje pynta til hausttakkefest! Born frå bygda gjekk i prosesjon inn i kyrkja, og bar med seg korgar fylt med blomar, frukt og grønnsaker dei hadde hausta. Under gudstenesta vart det takka for alt det gode og fine Gud har skapt, og for alt vi har fått hauste denne sesongen. Utvik barnekor deltok med flott og livleg song, og skapte god stemning i kyrkja. Som ein del av trusopplæringa i kyrkja fekk 4-åringane; Maria Tisthamar Haveland og Elvira Hauge-Nesdal, utdelt «Mi kyrkjebok», og 5.klassingane; Brita Kårstad og Hauk Magne Heggdal-Verlo, utdelt Bibel. Etter gudstenesta var det kyrkje-kaffi. Kjekt å sjå at så mange tok turen til kyrkja denne dagen, både sambygdingar og folk frå nabobygdene.





## Kulturgudstenesta i Svor museet

av Anne Lødemel Honningsvåg

Ved kulturgudstenesta i Anders Svor museum i Hornindals søndag 6. august vart den mobile preikestolen teken i bruk for fyrste gong. Dette er ei gåve til kyrkjelyden i Hornindal frå Svein Sindre.

Leiar av Hornindal sokneråd, Christine Helgesen Haugen, *bar fram ei varm takk for gáva. Ho gledde seg over den vakre og praktisk utforma preikestolen og såg fram til at den vart brukt både på setrar og elles der tilhøva ligg til rette.*


Under gudstenesta vart museumshallen med den nye preikestolen og dei mange skulpturane omkring ikkje berre ei fin råde men ein del av forkynninga. Mennesket, skapt i Skaperen sitt bilde, har også fått evner til å skape. Vi er medskapande i Guds skaperverk.

Preika var ein dialog mellom sokneprest Hege Høibye og Jon Ytrehorn om kva kunst kan fortelje oss også i ein teologisk samanheng. Den tok utgangspunkt i Anders Svor sine skulpturar «Sorg», Adam og Eva», «Mot morgonrauden» og «Bøn».


Med i gudstenesta var også Christine Helgesen Haugen og Oddvar Bergset med song og musikk.



Adam og Eva



Bøn



Mot morgonrauden



Sorg



Christine og Oddvar



# Mobil preikestol i gåve til kyrkjelyden i Hornindal

av Anne Lødemel Honningsvåg

Gjevar var Svein Sindre, Markane – utflytt honndøl som har gledd mange med songar og salmar under gudstenester og andre kyrkjelege tilskipingar i Hornindal. Det er ikkje eit bestillingsverk, men ei personleg gåve til heimesoknet frå gjevaren som no bur på Lillehammer. Han har vore bonde og lærar, og kan no ikkje lenger skjule at han også er ein habil handverkar!

Jon Ytrehorn hadde hatt nær

kontakt med Sindre og fortalde at gjevaren hadde laga ein preikestol til bruk under stølsmesser og friluftsgudstenester, men også under gudstenester og tilskipingar i andre lokale enn kyrkja. Jon håpa at stølsmesser og friluftsgudstenester no kan bli samlingar som får ein fastare plass når gudstenesteplanar framover skal leggjast.

Sokneprest Hege Høibye kan tenkje i blant å ta den med til an-

dakter på Omsorgssenteret. Ho legg og til at det positive ved utegudstenester er at dei kan auke merksemda vår på at vi er ein del av verda som Gud har skapt oss inn i. I motsetning til gudstenester der kyrkja har gjeve oss ei ramme og ei retning må vi under gudstenester andre stader sjølve skape våre eigne rammer omkring samlingane.



Tre glade mottakarar i Hornindal  
Fv Jon Ytrehorn, Hege Høibye og Christine Helgesen Haugen.  
Foto: Kaspar F. Selvik. Avisen Møre

## Kva tyder PX?

På den mobile preikestolen står det eit teikn som ser ut som ein P og ein X.

Hege Høibye forklarte kva bokstavane PX tyder. Dette teiknet er eit gammalt kristent symbol med greske bokstavar som står for Khi – Rho. Khi-Rho er dei første to bokstavane

i Kristus. Det er eit mykje brukt kristent symbol og syner til ei legende om Konstantin den store som innførte kristendomen som offisiell religion i Romarriket tidleg på 300-talet. Keisaren skal ha hatt ein draum som synte til dette teiknet og sette det på skjolda til soldatane sine. Han vann eit slag utanfor Roma på byrjinga av 300-talet. Dette var

medverkande til at Khi-Rho vart eit viktig symbol lenge før krossen vart teken i bruk i kristendommen i stor grad. (Møre 11.08.17)

## Stabssamling på Aaberg

*Tekst og foto: Geir-Ståle Vatnamo*

Ein flott haustdag vart heile den kyrkjelege staben invitert heim til Solveig og Jakob Aaberg i Oldedalen. Først samlast vi i Ljosheim, der Jakob hadde ein historisk gjennomgang av Ljosheim som bedehus og kapell. Vi fekk m.a. innføring i dei kunstneriske skattane som tilhøyrrer kapellet. Svært interessant å vere tilhørrar. Jakob er

alltid engasjert når han fortel.

Heime i stova til Solveig og Jakob fekk vi svært god betasuppe. Medbrakte kaker frå staben smakte ekstra godt attåt kaffien. Jakob song og steva gamle bordvers både før og etter måltidet.

Deretter gjekk vi opp ein del høgdemeter i terrenget, til tre hytter. Den eine var omgjort til privat

museum med gamle handlaga reiskap frå garden Aaberg. Jakob fortalde mykje om slekta og det gode naboskapet i bygda. Han fortalde også at her hadde våningshuset stått i gamle dagar.

Ei stor takk til Solveig og Jakob som tok initiativet til denne flotte samlinga på Aaberg.



Frå venstre: Guro Petronella Enerhaug, Beate Nes, Margrete Lillestøl, Svein Rønne, Henny Koppen, Harald Runde, Jakob Aaberg, Roger Fjellvang Nygård (delvis skjult), Birger Skåre, Norvald Gjengedal, Oddvar Bergset, Ivar Kyrkjeeide, Einar Åbrekk og Børre Lian.

Kyrkjekokka Bladlag  
Rindane 6788 Olden

## Bladpengar

Konto for innbetaling av bladpengar  
0538 18 51054

Det kostar pengar å lage og sende ut Kyrkjeklokka. I 2016 hadde vi kr 235 507 i driftskostnader. Vi fekk inn kr 201 900 i frivillige bladpengar og det er fantastisk!

Mesteparten var beløp på 400 kroner. Det fortel oss at

det er mange som sett pris på Kyrkjeklokka og det gjev inspirasjon til å halde fram. *Stor takk til alle gjevarar!*

Vi tilrår kr 450, men kvar og ein kan sjølv velje beløp.

Spar skatt og auk gáva til Kyrkjeklokka. Ved å gje

minst kr 500, får ein skattefrådrag for beløpet, og vi vil syte for at kyrkjekontora i Hornindal og Stryn melder dette vidare. Alle kyrkjemedlemmer er oppført med personnummer i medlemsregisteret, så vi treng ikkje særskild melding om det.



## Vi må be for Utvik

Søndag 23. juli til måndag 24. juli 2017 kom eit uvanleg sterkt torevær inn over indre Nordfjord. Første tora slo søndagkveld rundt kl 1900 og toreværet slo jamt til måndag kl 1430. Med regnet som fylgde med, hovudsakeleg natt til måndag, gjekk det denne gongen verst ut over bygda Utvik.



*Galya Radeva er organist i Innvik prestegjeld*

25. juli ringde Galya Radeva og spurde om det blir messe på Myklebuststøylen 30. juli. Nei, var svaret. Elva og naturkreftene hadde då øydelagt vegen, bruene og tilkomsten til Myklebuststøylen. Men Galya heldt fram omtrent slik i telefonen: «Ja, men vi må kome saman og be for Utvik».

Underteikna formidla denne gode budskapet både til prest og prost for å få til ei ekstra gudsteneste i Utvik 30. juli. Dei faste prestane våre var på ferie, men prost Rolf Schanke-Eikum kunne stille på. Med seg i gudstenesta hadde han Utvik barnekor, tilreisande sambygding Jan Valaker med song og gitar. Desutan medverka operasongar Eric Hellstrand, med visa «Har du fyr» og Nordfjord-songen. Begge desse musika-

rane skulle eigentleg delta på Utvik-dagane, som vart avlyst på grunn av flaumen. Vår dyktige organist og pianist Galya, trakterte både piano og orgel denne søndag ettermiddagen.

Det store spenningsmomentet denne dramatiske Utvik-veka var om det i det heile tatt ville kome ny bru over Storelva med tilkomst til sentrum og kyrkja. På torsdag var den provisoriske brua på plass. Godt jobba av Vegvesenet, kommunen og lokale entreprenørar.

Prost Rolf Schanke Eikum viste til fuglane som slit i storm og uver medan ørna har eigenskapen til å breie vengene sine slik at ho blir dratt opp over skyene av vinden, der det er roleg og vindstille. Det er slik med trua og: Den som trur får kraft i harde tider!

Prosten rosa nestekjærleiken i Utvik, at dei i ei vanskeleg tid ikkje berre tok vare på seg sjølv, men naboen også. Ein av dei viktigaste budskapane i kristendomen er å elske nesten sin, og det gjer de her i Utvik. De tenkjer ikkje berre på dykk sjølve, men hjelper kvarandre til å bære børa i ein vanskeleg situasjon. Når ein hjelper kvarandre og står saman, blir børa lettare å bere, sa prost Rolf Schanke Eikum.

Ordførar Sven Flo deltok også i gudstenesta. Han hadde ei varm helsing til folket og sa at han var stolt over bygda sin innsats i lag med personale frå ulike lokale etatar.

Det kunne kanskje verke paradoksalt når Jan Valaker under gudstenesta song «Vår beste dag» av Erik Bye. Alternativet kunne vore så mykje verre: at vi måtte arrangere minnestund over nokon vi miste.....

*Tekst og foto:*

*Geir-Ståle Vatnamo*



# Kyrkjedagen i Nordfjord 2017

Tekst og foto: Anna Marie S. Vatnamo

Martin Luther – rebell og framleis aktuell? var tema for kyrkjedagen 28. oktober. Om lag 65 frammøtte frå heile prostiet fekk med seg ein interessant dag. Professor Oddvar Jensen hadde foredrag om Martin Luther. Seinare svara han på spørsmål frå eit panel og frå deltakarane. Mange interessante og «nye» sider ved Luther kom fram. Dagen starta med gudsteneste i Eid kyrkje, og heldt fram på kyrkjetunet.



Professor Oddvar Jensen

Professor Oddvar Johan Jensen  
- Født 07.02.1950 i Bergen (Askøy).  
- 2005: Professor ved Norsk Lærerakademi (2010: NLA Høgskolen i Bergen)  
- Hovudforedragshaldar på Kyrkjedagen for Nordfjord!  
- Har studert både historie og teologi. Han vart dr. theol. ved Universitetet i Oslo i 1988 med avhandlinga: Kristi person Til betydningen av læren om Kristi person i Martin Luthers teologi.  
- Oddvar Jensen underviser m.a. i kyrkjehistorie og teologihistorie  
- Har gjeve ut fleire publikasjonar, som t.d. Katekismens teologi. Ei innføring i Luthers katekismer (1994)



## Frivilleprisen

På Kyrkjedag for Nordfjord fekk Signy og Finn Bjarnastein frå Haugen på Nordfjordeid tildelt Nordfjord Prostiråd sin frivillepris for 2017.

Det var litt av ei merittliste over frivillig innsats gjennom 50 år prost Rolf Schanke Eikum las opp som grunngjeving for prisen. Alle som var til stades tenkte nok at dette var vel fortent, og dette var på tide. Både Signy og Finn har gjennom ei årrekke vore engasjerte i frivillig barne- og ungdomsarbeid både i kjellarstova heime og i bedehuset. Dei har vore engasjerte i Indremisjonen/Normisjon i heimbygda, og på krins- og regionsplan, i soknerådsarbeid og misjonsforeining. Dei har både hatt åndeleg ansvar og mykje praktisk ansvar i alle desse samanhengane, med baking, styrearbeid, bygningsarbeid og mykje, mykje meir.

I si takk for prisen understreka dei begge at arbeidet har vore ei velsigning, dei har gjort det i lag, og dei har vore enige om å bruke tida si på dette.



Frå venstre: Foredragshaldar på Kyrkjedagen, Oddvar Jensen (sitjande), prissinnarane Finn og Signy Bjarnastein, prost Rolf Schanke Eikum og leiar i prostirådet Kristen Hundeide.



# Sommaropne kyrkjer i Olden

av Einar Åbrekk



Olden Gamle kyrkje



Olden kyrkje

I Olden er det lange tradisjonar med å ha opne kyrkjene om sommaren. I år starta turistsesongen med første cruiseskip 23. april og siste skip 2. november, og begge kyrkjene har vore opne kvar gong det har vore skip. I hovudsesongen frå midten av juni til slutten av august, har kyrkjene vore opne dagleg, og alle er velkomne til å stikke innom.

## Populært tilbod for turistane

I løpet av denne sesongen har fleire hundre tusen turistar vitja Olden/Oldedalen. Over 140 000 gjester i tillegg til mannskap, har gått i land på kaia i Olden, og mange av desse har nytta høvet til å ta ein tur inn om kyrkjene. Her finn dei brosjyrar og informasjon på fleire språk, og gjestebok der dei kan skrive ei helsing. Og helsingar er det mange av. Folk frå fjern og nær har blitt imponerte av kyrkjene, naturen, folket og bygda, og gitt uttrykk for det. Mange skriv berre namnet sitt, andre ei lita helsing, som desse gjestene skreiv i gjesteboka i Olden nye

kyrkje den 11.juni; *God bless Olden people from Mexico with love, og 14. juni; Dear God. Thank you for all your blessings to me and my family for the strength you give me each day and for all the people around me who make life more meaningful. Amen.*

- Dei som stikk innom kyrkjene våre, kan ha ulike grunnar til å gjere det. Om det er arkitekturen, historia, ly for regnet eller behovet for ei stille stund, vil variere. For soknerådet, som har ansvaret for at dette servicetilbodet fungerer, er det godt å kunne konstatere at det blir sett pris på, både blant turoperatørar, turistar og bygda. Og med to nymåla kyrkjer har bygda to fantastiske byggverk å vise fram. - Og gjestene ser ut til å bli fleire. I følgje Nordfjord havn IKS vil ca 160 000 cruise-turistar vitje bygda til neste sommar, ein auke på 20 000.

## Fantastisk dugnadsgjeng

Nytt av året er at det arbeidet som sommaropne kyrkjer fører med seg, har vore utført på dugnad. Sytten frivillige

personar har teke på seg oppgåva med å opne og stenge kyrkjene, fyller opp med nok informasjonsmateriell, samle inn pengane som turistane legg igjen, og elles sjå til at kyrkjene ser presentable ut. Her er det utført mykje verdifullt servicearbeid av motiverte og engasjerte menneske i bygda.

Eit døme er; *Etter at kyrkjevakta hadde låst om kvelden, kom det tre italienske damer som svært gjerne ville sjå kyrkjene. Og vakt-havande låste opp att slik at dei fekk sjå nyekyrkja, og etterpå følgde vedkomande dei ned i gamle-kyrkja slik at dei fekk sjå den òg.*

Denne ekstraservicen sette desse turistane umåteleg stor pris på. Slik service er vanskeleg å verdsetje i pengar. - Det er nok mange faktorar som ligg til grunn når turistane sjølve rangerer Olden i toppsjiktet blant destinasjonane i verda.

*Takk til dugnadsgjengen for flott innsats!*

*Ei lita julefortelling*Julegåver  
av Vidar Bergset

I Nordigard diskuterte dei fire syskena julegåver. - Eg veit ikkje kva eg skal gje til Elise, sa Storesyster. I fjor vart ho så sur fordi ho ikkje fekk det ho ønskte seg av meg. Ho ville ha ein CD med Justin Bieber, og så fekk ho berre ei vinterlue! - Eg vil gje Linnea eit nettbrett, sa Vesle-Storesyster, men eg har ikkje pengar nok. Mamma, kan du legge på vekepengane mine, slik at eg får betalt? Storebror ville gje hockey-skeiser til bestekameraten sin. - Heldigvis fekk eg pengar med tante til fødselsdagen min, så eg trur eg har nok!

Ola var den fjerde, og han var liten. Hadde byrja å snakke for lenge sidan, men han hadde problem med r-en. Han var elles ein gløgging og

hadde alt lært dei fleste bokstavane ved å følge med på skulearbeidet til Vesle-Storesyster. Nede i Sørigard hadde det barnlause ekteparet der teke til seg ein flyktning-gut som heitte Johnny, og som Ola alt hadde vore på besøk til fleire gonger. No ville han og gje bort julegåver. Han ransaka leike-kassa si, og så fann han att den gamle bamsen sin som hadde vore bestevenen hans i lang tid, men som no hadde vore avgløymd både vel og lenge. - Eg vil je julegåve te nå Jonni! sa han, Han kan få Tulsen min! (Bamsen hadde av ein eller annan grunn fått namnet Truls.) - Nei, du kan ikkje gje bort den gamle, stygge bamsen! sa mamma. Sjå no berre! Det eine auga heng i ein tråd, og han ertafsete og styggipelsen, og eine beinet heng berre og dinglar! - Tluls æ fine, han! Jonni ha ke leikel, han. Ha aldli hatt leikel! Ola var nesten morsk. Han ska få bamsen min! Både mamma og pappa var samstemte om at dette ikkje gjekk an. Men Ola heldt på sitt. Då han til slutt skreik og slo i golvet med ein leikebil, gav dei vaksne seg. - Pakke in søl! sa Ola då dei kom med julepapir og skulle hjelpe han med innpakkinga. Han gjekk bort til avisborga og fann ein avis som hadde eit stort fargebilet av born som gjekk rundt juletreet. - Fint billedle i avisa! sa han. Pakke in i den! Og så pakka han inn sjølv på den måten det vart. Han forlanga å få skrive på namnelappen sjølv og, og storesyster sa formanande:

- No må du hugse på at der skal vere h i Johnny! Og Ola skreiv JHONI med store og skakke bokstavar. - Nesten ei skam! sa mamma, ho såg på den knurvete pakken Ola hadde fått i stand. Men Ola la imot: - Ikke kam! Jonni ha ke hatt leikel, han!

Julafta morgonen rusla Ola ned til grannane og leverte julepakka til mor i huset. Syskena hans lo åt han, men mamma sa: - Kjem du ikkje til å sakne bamsen din no då? - Nei, Jonni kan sekke bamsen opp i glase om kvelden, så kan Tluls sjå opp til meg! Men mamma hadde ikkje noko tru på det. - Nei, eg trur at Johnny vil gjere det same som du gjorde då du fekk bamsen. Truls vart med i senga då du la deg, og så sovna du med eit godt tak med venstrearmen rundt bamsen. - Han sel bamsen kvel gong han vakna! sa Ola, føl han Jonni må ha lyse på om natta, han! Og slik vart det.

Snart sov dei, glade og velnøgde alle saman, Johnny og. Han var komen til eit kaldt og mørkt land, men dei hadde lyset på om natta!





# Konfirmantar som soknerådet og kyrkjelyden sitt midtpunkt

- Gunnhild Bergset -

*Korleis kan soknerådet vite kva dei unge ynskjer som kyrkjelyden sine konfirmantar? Ved å spørje dei!*

På Nordsida bringa medarbeidar-samlinga for eit par år sidan med seg eit uttalt ynskje om å ha eit tettare samarbeid med kyrkjelyden sine konfirmantar. Dette førte til ein ny tradisjon. Første soknerådsmøte etter konfirmant-presentasjonen om hausten er eit møte saman med årets konfirmantar i kyrkjelyden. Dette blir eit møte der konfirmantane kan kome med sine forventningar, - kva dei kan tenkje seg og ikkje tenkje seg. Samtidig kan soknerådet kome med sine ynskjer for samarbeidet og såleis

kan vi i fellesskap kome fram til gode løysingar for å inkludere konfirmantane i kyrkjelydsarbeidet på ein måte som alle er tente med. No har vi gjennomført dette i to år og vi opplever at det opnar for auka kontakt mellom soknerådet og konfirmantgruppa. Samtalene over pizzaen er gull verd. Vi har eit stykke igjen før konfirmantane pratar like mykje som soknerådsmedlemene, men det er nok helst den sistnemnde gruppa som må ta ansvar for dette.

Gjennom samtalene finn vi fram til gudstenester som er høvelege for konfirmantdeltaking på eit breitt plan, og kva enkeltoppgåver

kvar konfirmant kan tenke seg å delta i elles. Det er kanskje like viktig for sokneråd og tilsette å også vite kva konfirmantane ikkje kjenner seg komfortable med å delta i.

Sist gudsteneste i Nordsida, hausttakkegudstenesta, var så å seie alle konfirmantane i aksjon med ei eller anna oppgåve. Dette gjer at kyrkjelyden sine unge blir inkluderte på ein naturleg måte og kjennskapen aukar.

*Takk til konfirmantane for fulltallig oppmøte og for vilje til samarbeid og utvikling! Vi ynskjer dykk alt godt for konfirmantåret og Guds velsigning over livet. De er framtida!*



F.v.: Jon Magnus Sollid, Runar Tøfte Heimlid, Tom Adriel Jevnlid, Ingunn Bergset, Andrine Teigen og Elias Dispen Lødemel. Tord Sølvberg var ikkje tilstades når bilete var teke.

Grøn side - del 3 av 5 Klimafakta og miljøtips  
 Ansvarleg for "Grøn side": Jon Ytrehorn



Pave Frans

Født 17.12.1936 i Argentina, med dåpsnamn Jorge Mario Bergoglio

Vart innsett som pave 13. mars 2013, etter at pave Benedikt var den første paven som abdiserte på 700 år.

Er den første paven frå Latin-Amerika, og den første paven til å ta namnet etter Frans av Assisi. Ingen andre paver har heller vore jesuitt.



Olav Fykse Tveit  
 Født 24. november 1960

Utdanna ved Det teologiske Menighets-fakultet. Har ma. vore sokneprest i Haram i Møre bispedømme 1988-91

Stillings: Generalsekretær i Kirkenes verdensråd.  
 Tiltredde stillinga ved årsskiftet 2010.  
 Vart vald for nye 5 år frå 2015. Paven og generalsekretæren i KV er dei to mektigaste kyrkjeleiarane no, for det katolske og det lutherske!

Pave Frans sitt klimabrev både til kyrkjer og religiøse samfunn verda over viser eit sterkt klimaengasjement. Gjesteskribent Gunnar Kvåle kommenterer Paven sitt lærebrev



## Paven sitt klimabrev

Lærebrevet om klima som pave Frans offentliggjorde i fjor sommar har fått mykje merksemd. Han skriv at å verna naturen er avgjerande, ikkje berre for at dei fattige skal overleva, men også for vårt eige åndelege liv. Konsekvensane av vårt overforbruk er alvorlege for alle, men fyrst og sterkest for fattige som ikkje har skuld i endringane.

Paven oppmodar til ei ny kristen forståing av livskvalitet gjennom ein profetisk og kontemplativ livsstil, fri for unødvendig forbruk. Han viser til teksten i 1. Mosebok 2:15. Når mennesket er sett til

å dyrka og vakta hagen, betyr det at me skal visa omsorg, verna og ta vare på han.

Å vurdere handlingar og personlege val i høve til verknaden på verda rundt oss er i fylgje Paven «eit moralsk imperativ». I tillegg til endring av eigen livsstil, tar Paven til orde for radikale samfunnsendingar, både når det gjeld eksisterande maktstrukturar og modellar for produksjon og forbruk.

Lærebrevet frå pave Frans er eit teikn på eit sterkt klimaengasjement som han deler med mange kristne leiarar. Generalsekretær i Kirkenes Verdensråd, den norske presten Olav Fykse Tveit, seier om dette: «Kvar av oss må ha vilje til å forandre seg sjølv... Kyrkja si rolle er å visa at dette spørsmålet handlar om forholdet mellom oss, Gud og jorda».

*Gunnar Kvåle*

Du gav oss perlen, den som heter Jorden,  
 en blank juvel av himmel, sjø og land.  
 Din skaperdrøm er alltid like vakker,  
 du lar det myldre liv i luft og vann.

Din drøm om Jorden, Gud, den har vi sviktet.  
 Det er vår skyld, og derfor vil vi be:  
 Gi oss tilbake drømmen som vi mistet,  
 så vi kan få det gode til å skje.

La Jordens perle finkle for vårt øye,  
 så drømmen stadig gis oss, ren og ny.  
 Og led oss dag for dag i ord og handling  
 mot frihets dag og frelsens morgengry.

*Eyvind Skeie. Norsk Salmebok nr 718.*

Når eg ser din himmel, eit verk av dine fingrar,  
 månen og stjernene som du har sett der  
 kva er då eit menneske- at du hugsar på det,  
 eit menneskebarn – at du tek deg av det?

Du sette han lite lågare enn Gud  
 og krona han med herlegdom og ære.  
 Du sette han til herre over det dine hender har skapt,  
 alt la du under hans føter: småfe og storfe i samla flokk,  
 dyra påmarka, fuglane under himmelen, fiskane i havet,  
 alt det som ferdast på havsens stigar.  
 Herre, vår herre, kor herleg ditt namn er over heile jorda!

*Lovprisingssalme av David. Salme 8, v. 4 – 10.*



## Kva om "klimarealistane" tek feil?

Inge Eidsvåg, forfattar, lærar ved Nansen-skolen og styremedlem i norsk avdeling av Besteforeldra sin klimaaksjon svarar:

Den globale oppvarming er vår tids største utfordring. Bak oss ligger tiår med FN- forhandlingar og politiske løfter. Men utslippene fortsetter å øke. Vi er første generasjon som forandrer klimaet på kloden - og som vet

at vi gjør det. Vi er den siste generasjon som slipper å ta de fulle konsekvensene. Jo, det er usikkerhet også i klimaforskningen. Men det kan ikke forsvare at vi unnlater å handle. Usikkerheten må komme framtidige generasjoner til gode.

- Hvis de såkalte "klimarealisti-

stene" tar feil ødelegges kloden.

- Hvis FNs klimapanel tar feil, får vi en renere jord.

- Å være føre var har alltid vært en klok handlingsregel når viktige verdier står på spill.

## QUIZ for store og små i familien om JUL, NATUR OG MILJØ

Merk:

1: Nokre spørsmål har 3 svarforslag. Set ring kring det rette.

2: Andre spørsmål er utan svar. Skriv svaret ditt på linja: .....

3: Gjer deg ferdig med alle spørsmåla før du ser på side 30

Der finn du dei rette svara.

## A Emne: Jul og julebodskap (Sjå juleevangeliet i Lukas kapittel 2)

- 1: Kven var keisar i Romarriket då Jesus vart fødd? Augustus Nero Cæsar
- 2: Kven var dei første som fekk høyre bodskapen om at Frelsaren var fødd? .....
- 3: Kvar var dei då englane synte seg på himmelen? .....
- 4: I kva for by budde Josef og Maria før Jesu fødsel? .....
- 5: Josef og Maria måtte flykte med Jesubarnet. Til kva for eit land? .....
- 6: Jakob Sande frå Dale i Sunnfjord har skrive ein kjend julesong. Kva for ein? .....
- 7: I kva for eit land i Europa starta skikken med juletre i heimane? Finland Tyskland Norge

## B Emne: natur, klima og miljø

- 8: I ein by i Europa vart ei viktig klima-avtale underskriven av mange land før jul i 2016: Paris London Madrid
- 9: I kva for eit land i Europa er dei komne lengst med å leve miljøvennleg? Tyskland Danmark Norge
- 10: Kva for transportmiddel er det som i dag forurensar mest? Bil Fly Båt
- 11: Då verdas første bølgekraftanlegg vart starta i haust i Fosnavåg vart snora klipt av? Kong Harald Kronprins Håkon Dronning Sonja
- 12: Ei bedrift i Nordfjord byggjer no bøyer til nye bølgekraftanlegg. Kvar ligg bedrifta? Sandane Nordfjordeid Stryn

Har du svart på alle spørsmåla? Slå opp side 30 - Kor mange rette svar?

# Julemesse i Betania laurdag 2. desember 2017

av Solveig Lunde Rønne, leiar Nedstryn kyrkjering

## Program for julemessa 2017

Kl 10.00 – Opning av messa  
- Andakt ved Henny Koppen  
- Varesal  
- Kafé

Kl 11.15  
- Åresal

Kl 13.00  
- Barnekoret underheld  
- Åresal

Kl 14.30  
- Trekning av loddøkene

Laurdag 2. desember held Nedstryn kyrkjering julemessa i Betania i Stryn. Det er ein fin tradisjon å starte adventstida med den tradisjonsrike julemessa, og for mange er julemessa ein kjekk og populær samlingsplass. Det er god mat i kafeen, og ein treff kjende. På messa sel vi kaker, delikatesser, kransar og handarbeid. Vi har loddsal, åresal og ein koseleg kafé. Og det er alltid veldig kjekt å få besøk av Stryn barnekor! Dei syng med stor glede og innleving!

Inntektene frå messa går til det kristne barne- og ungdomsarbeidet i Nedstryn sokn. I fjor delte vi ut kr 45.000 av overskotet til soknerådet, til speidarane

i Stryn KFUK-KFUM og til trusopplæringa.

Leiarane for det kristne barne og ungdomsarbeidet i Stryn gjer ein imponerende jobb, og det er mange born og unge som nyttar seg av desse tilboda.

Dert er ikkje gratis å drive dette arbeidet. Av denne grunn tykkjer vi i kyrkjeringen at det er viktig å støtte arbeidet deira økonomisk.

Pengane vi gjer til soknerådet vert mellom anna brukt til løn for trusopplærar, bok til 4-åringane og 6-åringane, Det



Stryn barnekor på Julemessa

nye testamente til femteklas-  
singane og til brudebiblar.

Styret i kyrkjeringen er takksame for den store velviljen vi møter for julemessa. Vi vil takke alle som støtter oss ved å gje oss gevinstar, bake, lage varer til messa, kjøpe lodd, og ved å møte opp i Betania.

*Hjarteleg velkomne til julemesse  
2. desember i Betania.*



Delikatessesal nedstryn kyrkjering. På julemessa sel vi mellom anna delikatesser og kaker



Lestesal



## Konfirmantjubleum i Nedstryn sokn

- Margaret Venøy Flo -

Helga 2. og 3. september 2017 var 50-års konfirmantane i Nedstryn sokn samla i Stryn. Av totalt 33 konfirmantar det året, har 7 gått bort. Vi var likevel ein stor gjeng, som bur både fjærnt og nært, då 21 av oss sette kvarandre i stemne.

Laurdag 2. september møttest vi til mimrestund, med "byvandring", besøk på gamle Belleteria

med servering av karbonade og kaffi, Jon Ramus Langeset Vik dukka opp med bilde frå tida då vi vaks opp og vart konfirmerte. Seinare var det festmiddag på Isehaug.

Søndag var vi i kyrkja til gudsterneste. Soknerådet viste bilde på overhead i kyrkja og kvar av oss presenterte seg sjølv. Det var ei gudsterneste som det skjedde

mykje på. I tillegg til oss 50-års jublantane var det presentasjon av konfirmantane i år, der enkelte av oss har barnebarn, og ny sokneprest vart innsett. Etterpå avslutta vi det heile med lunsj.

Vi takkar Nedstryn sokneråd for invitasjonen, det gjorde at vi fekk den dytten vi måtte ha for å samlast. Det var så kjekt at vi bestemte oss for å treffast oftare.



Framme f.v.: Helga Auflem Taklo, Anne Marie Tønning Sundal, Randi Faleide Søyland, Lisbet Aarnes, Anne Eikenes, Anne Nesdal  
2. rekke f.v.: Ingrid Bøe Osen, Ingrid Sætre Hool, Irene Hool Leirgulen, Wenche Glommnes, Margaret Eriksen Flo, Aud Kirkeeide.  
Bakerst f.v.: Hans Kristian Nilsen, Inge Arne Bøe, Jan Lars Nesje, Anders Meland, Rikard Blålid, Olav Tenden, Anders Kirkeeide Kleppe, Hjalmar Rune Dispen, Paul Erdal.

Har du lagt merke til at kyrkja i Hornindal har hatt rosa lyssetting i oktober?

På siste møtet i soknerådet kom det framlegg om å legge rosa film på lyskastarane ved kyrkja. Framlegget vart godt motteke og medlemane i soknerådet ordna med film og montering.

På den måten vil Hornindal Sokneråd vise sin omtanke til dei som er råka av brystkreft og minne innbyggjarane på "Rosa sløyfe"-aksjonen som er i oktober. Pengane som kjem inn, går til forskning. Dette er ei fin markering av Hornindal Sokneråd.

## Rosa kyrkje





Vil les

## Bibel saman!

*Bibelen er ein skatt! Bibelens historier har gjennom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopplæringsplanen vil vi i tida framover presentere nokre av dei kjende bibelhistoriene her i Kyrkjelokka. Tanken er at dette skal vere ei historie som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn. Lykke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å tenne eit lys før du startar å lese historia.*

### Englebesøk...

Maria gret, der ho sto ved krossen. Sonen hennar, Jesus, han som for berre nokre dagar sidan var blitt hylla som konge, var død! Ho måtte sette seg. Ho følte seg heilt tom, samtidig som ho hadde tusen tankar i hovudet.

Det var mest som om det var i går, at ho hadde fødd den vesle guten i ein liten mørk stall i Betlehem. Ho tenkte på alt det som var hendt sidan den gongen. Og då kjendest det plutselig veldig lenge sidan han vart født, for det hadde skjedd så mykje.

Ho måtte smile litt i alle tårene, når ho tenkte på alle historiene ho hadde høyrte om alt det underlege han hadde gjort. Ho huska historia om den gongen han gjekk på vatnet, alle historiene om menneska som var blitt friske, og den gongen han metta 5000 med ein liten nistepakke! Eller den historia Peter likte så godt å fortelje, om den gongen då dei fekk så mykje fisk at båten nesten gjekk ned. Læresveinane hadde fiska heile natta utan å få ein einaste fisk, før Jesus kom og bad dei kaste ut garnet på andre sida. Då hadde brått garna vore fulle av fisk.

Ho hadde alltid visst at det var noko spesielt med den vesle guten, men at det skulle bli som



dette - det hadde ho ikkje forstått den gonge ho som ung kvinne fekk englebesøk.

Brått var han der, engelen som kom til henne og sa: «Ver helsa, du som har fått nåde! Herren er med deg!» Ho kunne fortsatt kjenne på den forskrekka følelsen ho hadde hatt den gongen. Men engelen hadde sagt til henne: «Ver ikkje redd, Maria! For du har funne nåde hos Gud.

Du har funne nåde hos Gud... desse orda hadde ho tenkt på mange gonger.

Engelen hadde fortsatt: «Høyr! Du skal bli med barn og få ein son, og du skal gje han namnet Jesus. Han skal vera stor og kallast Son til Den høgste.»

Maria hugsa at ho nesten ikkje fekk puste. Så stort var det, det engelen hadde sagt. Men til slutt hadde ho fått tilbake pusten og kviskra: «Korleis skal dette gå til når eg ikkje har vore saman med nokon mann?» Engelen hadde svara: «Den heilage ande

skal koma over deg og krafta frå Den høgste skal skyggja over deg. Difor skal òg barnet som blir fødd, vera heilagt og kallast Guds Son.

Maria hadde vore redd for kva alle dei andre ville seie når dei oppdaga at ho var gravid.. Kva med Josef, han som ho var trulova med.. Men det

var noko inni ho som var sterkare enn frykta, så ho hadde høyrte seg sjølv seie: «Sjå, eg er Herrens tenestekvinne. Lat det gå med meg som du har sagt.»

Maria hadde ikkje trengt å uroa seg for Josef. Han hadde også hatt besøk av engelen. Ho hadde snakka med Josef om englebesøket mange gonger. Akkurat no var det som om ho kunne høyre stemma til Josef som fortalte om det engelen hadde sagt. «Josef, Davids son! Ver ikkje redd å ta Maria heim til deg som kona di. For barnet som er avla i henne, er av Den heilage ande. Ho skal føda ein son, og du skal gje han namnet Jesus, for han skal frelsa folket sitt frå syndene deira.»

Maria tørka tårene. Jesus vart født den natta for lenge sidan, for å frelse folket. Kanskje var det det som var i ferd med å skje no. Ho måtte tru på det engelen hadde sagt.



## Konfirmantjubiläum i Utvik og Innvik sokn

Søndag 27. August hadde Utvik- og Innvik sokneråd invitert tidlegare konfirmantar til konfirmantjubiläum.

Både 50-, 60- og 70-års jubilantar deltok på gudstenesta i

Utvik kyrkje. Etter gudstenesta var det samling med god middag, kaffi og kaker på Kafè Sjøatunet. Praten sat lett rundt bordet; gamle minner strøymde på og historier vart delte.

Kjekt at så mange kom og var med på konfirmantjubiläumet, og gjorde det til ein minnerik dag.

*Foto: Geir-Ståle Vatnamo*



60-årskonfirmantar: Framme frå v.: Idun Egge Nilsen, Olaug Hilde, Agneta Torheim, Ingunn Bruland og Oddny Njosen. Bak f.v.: Bjarte Hopland, Kristian Solvang, Anders Bergset og Roar Heimlid



70-årskonfirmantane: F.v.: Oddbjørg (Verlo) Lyslo og Rannveig (Heggdal) Paulsen



50-årskonfirmantar: Framme frå v.: Valborg Høgalmen, Rune Vanberg, Bjørg Liv Lee, Berit Kårstad Høylo og Olaug Aaberg. Bak f.v.: Jon Inge Skåden, Bjørg Drageset Heggdal, Ingrid (Heggdal) Gildseth, Britt Lyslo Bøe og Aslak Hilde



- Treet er et symbol på Jesus, sier julearkeologen. For i Lukas-evangeliet sier Jesus på vei opp til Golgata: «For gjør dere slik med det grønne tre, hvordan skal det da gå med det tørre?»

Foss forklarer:

- Jesus sammenligner seg selv med det «grønne tre» – livets tre
- i motsetning til «det tørre tre»
- kunnskapens tre.

Mens katolikken feiret sine høytider på offentlige plasser, i kirkehus og på torg, tok protestantene livets eviggrønne tre inn i hjemmene sine.

- Tenk deg, man gikk ut i skogen og hugget et tre fra roten. Det var symbolsk. Når Jesus står ute blant alle andre mennesker, er han et flott menneske – noen vil til og med si profet. Men det er først når Jesus kommer inn i hjertet ditt, at han får en helt annen betydning for deg. Og det var nettopp derfor man tok treet inn i stuen, for at han skulle minne om hvorfor vi feirer jul, sier Foss. Juletreet er altså en dypt protestantisk skikk, konstaterer han.

### Symbolsk pynt

Hvordan så det så ut? Det var et enkelt, nesten litt stusselig tre, sammenlignet med dagens standard. Et luthersk tre, så å si. Men i den opprinnelige pynten gemmer det seg en fortelling av, vel, bibelske proporsjoner.

- I gamle dager ble en trefot spikret godt fast på treet's fot. Da fikk du symbolikken: Midt mellom korset og Betlehemstjernen, altså himmelen, er treet. Og det er Jesus, sier Foss. I sitt julehistoriske graverarbeid

## Juletreet – et symbol

(artikkelklipp fra Vårt Land/2014)

fant han at også treet's greiner ble pyntet symbolsk. Men i 1600-tallets tyske stuer hang det bare tre ting på juletreet:

- Det ene var epler, som symboliserte frukten på kunnskapens tre som mennesket spiste av i Edens hage. Som motsymbol hadde du de kristne oblatene, slike vi spiser når vi går til nattverd. Oblatene er nåde og tilgivelse, opprettelsen av paradiset på ny, sier han.

### Lyset

Det tredje symbolet, som stod mellom de to motpolene synd og nåde, var stearinlys – et symbol på Jesus som «verdens lys.»

- De tente alle lysene i hjemmet og på treet. Ingen krok var mørk på julekvelden. Man hadde ikke råd til å lyse opp annet enn den ene dagen. Lyset er også symbolsk, fordi stearinlys brenner. Lyset gir seg selv for at vi skal få lys og varme, sier Foss. Og det er ingen steder de tenner så mye lys som i det protestantiske nord, ifølge ham.

- I symbolikken epler, oblater og lys ligger også treenighetens tanke, sier Foss.



Frå boka: "Adventskrans og julekrybbe"  
av Hans Petter Foss og Eyvind Skeie

### St. Nikolas

Men ett helt vesentlig spørsmål står igjen:

- Hva med gavene, Foss?
- Jeg mangler skriftlig dokumentasjon på når de dukket opp. Men protestantene har nok ønsket å knytte an til den katolske skikken med St. Nikolas, som gir gaver til barna. På et eller annet tidspunkt dukket i alle fall gaver opp under juletreet.

- Biskop Eivind Berggrav fortalte at julen ikke handlet om kors og død, men om kors og glede. Derfor skulle gavene til barna legges under juletreet, slik at pakkene skjulte korset. Symbolikken lå i at når alle gavene var pakket opp, sto den største gaven igjen, korset som skulle minne de voksne om Jesus som ga seg selv for oss, sier Foss.

### Jultrereigionen

Den symbolske knivingen mellom katolikker og protestanter varte ved til langt etter reformasjonens tid, skal vi tro Foss.

- På slutten av 1800-tallet kalte de protestantene for «juletre-religionen», fordi de laget et symbol rundt juletreet som fortalte om skapelsen, syndefallet og åpenbaringsboken - at det skal komme en ny himmel og ny jord.

Det var på denne tiden juletre-skikken kom fra Danmark til Norge.

- I begynnelsen var det rikmannshjem som hadde juletrær. Det var skolen som brakte juletreet til alle norske hjem. Men da var den gamle historien og symbolikken glemt. Det er synd, for juletreet har virkelig en historie, sier Foss.



## Bok med tekst og bilete av 87 konfirmantkull i Hornindal !



Kåre R. Haugen

*Alle konfirmantgruppene i Hornindal frå 1930-2017 er med.*

Like før eg skulle sende Kyrkjeklokka sitt julenummer til trykkeriet, kom ei bok til redaktøren med eit innhald som var både sjeldan og imponerande. Tittel: *Minneboka frå Honndalen*. Forfattar: *Kåre Haugen, Hornindal*. Bokslepp 8. november i Hornindal.

Fleire aviser vil truleg ha intervju med forfattaren og omtale av boka. Her følgjer ein kort innhaldsoversikt:

- Forfattar: Kåre Haugen, pensjonert lærar. Har undervist m. a. ved Tonning og Hornindal skule, pluss Randaberg skule i Rogaland. I tillegg er han framleis småbrukar og sauehaldar.
- På alle 87 bileta er prest/konfirmantlærar med namna på alle konfirmantane. I tillegg helsingar frå presten dei hadde, eller presten sin familie, og som her tek fram minne frå tida saman med konfirmantane og frå prestetenesta elles i Hornindal.
- Dei siste fire tiåra (konfirmantbileta i fargar) er også andre konfirmantlærarar som kateke-

tar og trusopplæringsarbeidarar tekne med.

- I tillegg inneheld boka bilete av bygd og folk i Hornindal i eldre tider, henta frå ei gammal fotosamling i glas, tekne av fotograf Kristianna Kongsvik for fleire generasjonar sidan.

Underteikna lurar på om det i det heile finst ei bok i Norge med ei slik tekst- og biletsamling som den Kåre Haugen har gitt oss (87 konfirmantkull med namn og bilete på alle konfirmantane over ein periode på 87 år!) Det er mildt sagt imponerande!

Eg vil tru at boka blir å finne blant gåvepakkane i mange honndalsheimar denne jula.

*Knut Sigurd Gald*

# Kåre R. Haugen MINNEBOKA FRÅ HONNDALEN

*Bilder av fotograf KRISTIANNA KONGSVIK og  
alle KONFIRMANTGRUPPENE frå 1930 til 2017*

Fotografi frå  
Kristianna Kongsvik



Konfirmantar i Honndalen  
1930 – 2017



## Stjernen som viste vei til Frelseren

*Jule andakt av daglig leder i Familie & Medier  
Jarle Haugland*

- Andre stjerner får vise vei for store skip med viktig last, og noen får til og med være en del av stjernebilder som blir omtalt og beundret. Suedritt og fjøslukt, det er hva jeg får tildelt av Himmels Herre! Har du ikke noe bedre til meg, Gud? Ba stjernen innstendig.

Da de vise mennene slo leir, tok Gud stjernen til side. -Jeg skal vise deg noe ingen har sett før. Du skal få et lite glimt inn i menneskets historie.

Stjernen fikk som i en film se skapelsen, gleden og harmonien som rådet da, og syndefallet, der mørket kom inn i verden. -Dette vet jeg, og det er utrolig trist, men hva har dette å si for mitt oppdrag? Spurte stjernen.

-Bare vent, svarte Gud, og stjernen fikk i filmen se stallen den var på vei til, der et nyfødt barn lå i en av krybbene. -Jeg



forstår ikke hva dette har med hverandre å gjøre, sa stjernen, før filmen fortsatte og barnet vokste opp til å bli en voksen mann. Han gikk rundt i byene og helbredet og talte om sannhet og frihet. Mange folk fulgte ham, men en dag ble han tatt til fange, torturert, spyttet på og til slutt korsfestet.

Stjernen utbrøt fortvilet: -Hvorfor gjør de dette? Han har jo ikke gjort noe galt! Plutselig begynte de gamle ordene fra profeten Jesaja å demre i ham: "For et barn er oss født, en sønn

er oss gitt. Herreveldet er lagt på hans skulder, og hans navn skal være: Underfull Rådgiver, Veldig Gud, Evig far og Fredsfyrste." og ordene fra den samme profeten: "Men han ble såret for våre overtredelser og knust for våre misgjerninger. Straffen lå på ham for at vi skulle ha fred, ved hans sår har vi fått legedom."

-Er det ham? Hvisket stjernen i ærefrykt. -Helt riktig, svarte Gud. -Barnet i stallen er Messias som en dag skal dø for å frelse verden fra sine synder, og stå opp igjen den tredje dagen.

Da vismennene pakket sammen for å fortsette reisen, skinte stjernen med fornyet glød, glede og takknemlighet over å få være den som skulle vise veien til barnet som er Guds sønn og verdens frelser!

## Jule- og nyttårsfest

laurdag 6. januar 2018 kl 15

på Dagsenteret

Hornindal Omsorgssenter.

Vi opnar festen m/kaffi og kaker  
elles deltek:

Sokneprest Hege Høiby

Songgruppa "Stevia"

Musikk v/Nils og Inge Haugen

Gang kring juletreet

Alle er hjarteleg velkomne!



Arr.: Hornindal Sokneråd og Hornindal Misjonsforeining





## Juleminne

av Brynhild Lund Notøy

Sist laurdag føre jul kom far tidleg heim frå arbeid for etter middag skulle han på julehandel. Då fekk eg vere med og fekk sitje på sparken. Det kribla i magen når vi susa ned Olavbakken. Ikkje rart det var stas. Største spenninga var å sjå juleutstillingane i butikkvindauga. Skal tru kva nissen gjorde i år? Stundom åt han graut andre gonger hogg han ved. Det var like fasinerande kvart år. Når vi kom heim fortalde eg småsyskena mine så levande eg kunne om nissen og resten av juleutstillingane. No var det ikkje mange dagar att til julafta. I oppveksten brukte vi å reise til besteforeldra i Fjellet (Furefjerding) å feire jul. Det var kjekt å feire jul saman med besteforeldre, tanter, onklar og syskenborn. Ofte var vi samla 20 stykker til julefeiringa så det var skikkeleg liv og røre.

Julafta var vi alltid tidleg oppe. Eg prøvde å finne BBC på radio. Då var det morgonmesse i St. Paul's Chatedral og vi fekk høyre koret synge "Joy to the World". Det var alltid ein liten gut som byrja, og så kom koret inn etter kvart. Det var svært vakkert og ein fin måte å kome i julestemning på. Så var det om å gjere å få frukosten raskt unna så vi kom oss av garde. Dølen gjekk kl. 08.00 og det var alltid noko som skulle kjøpast i siste liten. Sjølv om det var tidleg dag, så var det livleg på Sanden. Butikkane kom med varer som båten skulle ha med. Det var ikkje småtteri kva som skulle til. Som alltid tykte vi båten gjekk alt for seint. Vi drygde tida med å gisse kven som var på brygga i Otterdal og Navelsaker. Det var slekt og kjenningar som vi fekk vinke god jul til.

Endeleg kom vi til Fjellnaustet. Det var om å gjere å kome seg på land å byrje på veggen opp til garden. Vi hadde ikkje tid til å vente til dei vaksne hadde fått varene på taubana og sendt den av garde. Nei, det var om å gjere kven som kom først til gards av oss borna. Stien var bratt, så vi var andpustne og svette når vi kom opp. Systrene mine og eg vart tekne imot som prinsesser. Det var så godt å kjenne på den

glede og omsorg vi vart møtte med. Når vi hadde pusta ut og helsa på folket, måtte vi sjå oss rundt i huset. Det var julepakkar rundt i alle krok. Onklane fysja oss vekk, for dei var ikkje ferdige å pakke inn. Så benka vi oss rundt radioen for å høyre Alfred Maurstad fortelje om dei som henta juletre. Det var like morosamt kvart år. Etterpå var det kaffi og mat. Det vanka ekstra godt pålegg denne dagen. Heime-laga pølse og spekekjøtt smaka godt.

Når vi var ferdige med maten, vart juletreet henta inn i stova. Det var alltid ei furu, og den lukta godt. Vi borna fekk pynte treet. Når vi var ferdige, laga vi ring og song rundt juletreet. Dei første åra hadde dei ikkje elektrisk lys i Fjellet. Då fekk vi tenne stearinlysa i juletreet og det var ekstra stas. Men vi måtte vere forsiktige så ikkje pynten og treet tok fyr.

Vi song alle dei tradisjonelle julesongane, og vi song alle versa. Det var: Glade jul, Fager er den himmel blå, Du grønne glitrande tre god dag, Eg er så glad kvar julekveld osv. Vi diskuterte kva som var finaste julesongen, og eg trur det var Jakob Sande sin song Det lyser i stille grender som drog av med sigeren. Til slutt song vi: Så går vi rundt om ein einebærbusk og Reven raslar over isen.

Pyntinga og songen tok si tid, så då vi var ferdige lukta det godt frå kjøkenet der tantene var i full sving med ribba og alt det gode som høyrde til. Medan vi venta på maten høyrde vi juleevangeliet i radioen og Sølvguttene som song jula inn.

Etter maten hjelpa vi borna til med oppvasken. Onklane gjekk i fjøsen. Det var om å gjere å verte ferdig til nissen kom. Dersom veret stod frå rette kanten kunne vi høyre kyrkjeklokkene ringe jula inn. Det var stemningsfullt å stå ute i skyminga å høyre klokkene. Det var alltid snøsomskapte eirolegstemning. Tidagjekk uendeleg seint, men endeleg byrja dei vaksne å benke seg rundt bordet i stova, og då kom nissen. Det var fleire sekkar med

gåver og meir til. Onklane og tantene var svære å kjøpe gåver. Ofte lurte eg på korleis dei visste kva eg trengde av kle og skiutstyr mm. Eg fekk alltid noko eg hadde bruk for. Så fekk vi sjokolade og anna godt. Vi var svært glade og takknemlege for alt vi fekk. Utdeling og opning av pakkane tok si tid, så det var langt på kveld for det vart kveldsmat. Då vi sa god natt og gjekk til ro, tok vi alltid med oss godteriet, for det skulle smakast på juledags morgon.

Sidan det var langt til kyrkja, så gjekk vi ikkje til høgmesse juledag, men vi samla oss rundt radioen og høyrde på preika, og vi song med på dei kjende julesongane.

Elles gjekk juledagane fort med spel og leik inne og ute. Onklane og tantene var flinke å finne på aktivitetar. Det var spesielt kjekt når dei var med. Så fekk vi appelsiner og bananer kvar dag. Det sette vi ekstra pris på, for det var ikkje ofte vi fekk slik frukt til kvardags. Noko anna som smaka godt var hasselnøttene. Det var onklane som hadde plukka og tørka dei. Vi fekk ete så mykje vi orka. Ikkje rart vi tykte det var vemodig når vi reiste heim i romjula, men vi trøysta oss med at neste år kunne vi feire jul på nytt.

Det lyser i stille grender  
av tindrande lys i kveld,  
og tusunde barnehender  
mot himmelen ljosa held.

God Jul!



## Min salme

av Sissel Tenden

### Deilig er jorden

-Bernhard Severin Ingemann -

*Deilig er jorden,  
prektig er Guds himmel,  
skjønn er sjelenes pilgrimsgang.  
Gjennom de fagre  
riker på jorden  
går vi til paradiset med sang.*

*Tider skal komme,  
tider skal henrulle,  
slekt skal følge slekters gang.  
Aldri forstummer  
tonen fra himlen  
i sjelens glade pilgrimssang.*

*Englene sang den,  
først for markens hyrder;  
skjønt fra sjel til sjel det lød.  
Fred over jorden,  
menneske fryd deg.  
Oss er en evig Frelser født*

Bernhard Severin Ingemann (født 28. mai 1789 i Torkilstrup, død 24. februar 1862 i Sorø) var en dansk salmedikter og forfatter av historiske romaner. Han skreiv "Deilig er jorden" i 1850

Songen vart gjendikta til nynorsk av Gunnar Torgeirsson Rysstad med «Fager er jordi» som første linje, og utgitt i Syn og Segn i 1900



Vi har mange fine salmar som eg er glad i, men som julesalme er det ein som utpeikar seg for meg.

Med ei mor som var aktiv kyrkjegjengar og likte å synge, har eg fått salmesong inn med morsmelka frå eg var lita jente. Om eg ikkje var med mor mi til kyrkje, stod radioen alltid på heime når det var preiketid. Eg hugsar godt at salmesongen ljoma i stova.

For meg er det viktig å halde på skikkane i kyrkja, noko salmesong er ein viktig del av. Som

korssongar kan eg ofte vere meir oppteken av melodiane enn av tekstane, at melodiane har fine harmoniar og klangar. «Deilig er jorden» med arrangement for kor av Tore W. Aas er så absolutt ein av dei finaste eg veit. Denne salmen står mitt hjerte nær som symbol på jula og julaftan.

Det blir ikkje jul utan juletradisjonar. For mange er det viktig å gå til kyrkje julaftan og synge julesongar. For meg er det tradisjon å synge i Lokyrkja på julaftan og få lov til å bringe julestemninga vidare til alle som deltek på julegudstenesta. Eg har vore så heldig å få vere med å framføre «Deilig er jorden» kvar julaftan i Loen Kyrkje sidan Lostrupane var stifta i 1993.

«Deilig er jorden» er min julesalme. Når Lokyrkja er fullsett til trengsel og alle stemmer i «Deilig er jorden», ja, då får eg gåsehud og tårene står i augo – det er jul!

*Eg sendar utfordringa vidare til Siv Guddal Flo.*



Svar til spørsmåla side 19

### QUIZ for store og små i familien om JUL, NATUR OG MILJØ

#### A Om jula og julebodskapen

- 1: Augustus 2: Ein flokk sauegjetarar 3: På Betlehemsmarkene 4: Nasaret  
5: Egypt 6: Det lyser i stille grender 7: Tyskland

#### B Om natur, klima og miljø

- 8: Paris 9: Tyskland 10: Fly 11: Kong Harald 12: Stryn



## Oddny under open himmel

~  
Av  
Oddny  
Torheim  
~



### Samvitet

For mange år sidan sat ein gut i kyrkja i Danmark. Presten var gammal med kvitt hår. Han stod på talarstolen. Guten forstod ikkje alt som vart sagt, men ei setning oppfatta han, og den gjekk heilt inn i hjartet hans: *“Samvitet, ser de, det er Vår Herres vesle venn.”* Så nikka presten. Om det var til småguten i kyrkjebenken er ikkje godt å seie. Guten tok det i alle fall som eit vink til seg. Ja, slik er det, tenkte han. Samvitet er Vår Herres vesle venn.

Kva er samvitet?

Det er ikkje så enkelt å forklare, difor gjekk eg til eit leksikon og leita etter ei forklaring. Der stod: *“I alm. bet. for en persons ”følelse av overensstemmelse el uoverensstemmelse mell. hvorledes han virkelig tenker og handler og forstillingen om hvorledes han bør tenke og handle. S kan være uttr. for samfunnets moralnormer el. begrunnes religiøst.”*

Lat meg seie det med enklare ord. Deter noko inni oss som talar til oss. Vi kan ha godt samvit eller vondt samvit.

Når eg vert freista, seier stemma: “Du skal ikkje”. Mange ting kan freista, ting ein ser eller høyrer, eller ting som vi er med på o. s. v. Greier eg å seie nei i freistinga, så har “Vår Herres vesle venn” vunne, og eg har vunne.

Eg har godt samvit, men fører freistinga til fall, då får eg vondt samvit. “Vår Herres vesle venn” er der framleis i arbeid. Stemma lyder: “Du gjorde noko gale som du må ordne opp i.” Vi vert minte om feilen ikkje berre ein gong, men mange gonger. Vondt samvit gneg, gjer vondt og tek krefter. Innerst inne er vi stolte og vegrar oss for å vedgå feil, og det kostar å gjere opp.

Eg trur alle har eit samvit, men det kan verta svekka dersom vi gong etter gong ikkje høyrer på det. Vi forsvarer oss og tenkjer: “Det er ikkje så nøye.”

Paulus seier det slik: *“Nokre har kasta frå seg det gode samvitet.”*

I Fadervår har vi den femte

bøna som lyder slik etter ny omsetjing: *“Tilgje oss vår skuld, slik vi og tilgjev våre skuldnarar!”*

Altså: Vi skal be andre om tilgjeving. Vi skal tilgje dei som gjer vondt mot oss. Og det viktigaste: Vi skal be Gud om tilgjeving. Kort sagt: *“Tilgje, så skal de få tilgjeving”* (Luk. 6.37), og vi får oppleve : *“Sjå til fred vart meg det beiske, for alle mine synder har han kasta bak sin rygg”* (Es 38.17) Slik er Gud, og vi skal få lov å kjenne fred i hjartet.

*God Adventstid!*





### Oksen

Ein gong for lenge sidan, i eit land langt borte, budde det ein okse. Oksen var stor og sterk. Han kunne trekkje ploegen heile dagen utan pause. Han kunne dra den store, tunge vogna så fort av stad at ho nesten velta. Han kunne trampe med den eine foten og brøle så høgt at alle sprang unna. Til og med flugene var redde for han. Dei flaug sin veg berre han vifta med den lange halen sin.

Men om kvelden var oksen sliten. Då gjekk han inn i stallen sin og åt høy og drakk vatn. Så la han seg ned på golvet, med hovudet mot døra. - Dette er min stall, tenkte han. - Her er det eg som bestemmer. Og dersom nokon andre prøver å kome seg inn her, så skal eg stange dei ut att!



### Eselet

Ein kveld då oksen skulle gå inn i stallen sin, hørde han at det var nokon der inne. Nokon som trampa og tygde og laga rare lydar. Nokon hadde gått inn i stallen hans utan lov! Oksen bles i nasen og sprang inn. Og der, på soveplassen hans, stod eit esel.

- Kom deg ut av stallen min! brølte oksen. - Elles stangar eg deg ut! - Det greier du ikkje, sa eselet. - Eg er eit esel, og eg flyttar meg berre når eg sjølv vil. Forresten er eg bunden fast! Eg skal nemleg vere her i natt. Dei som eig meg leitar etter ein plass å bu. Men eg skal sove her. Eg har gått så langt, og no er eg så frykteleg sliten!

## Ei lita adventsforteljing for born i alle aldrar



Eselet gjespa og lèt att auga. Oksen stod ei stund og skrapa med foten og vifta med halen. Så gjekk han og la seg. I den bortaste kroken, med ryggen mot eselet!



### Maria og Josef

Oksen og eselet låg i stallen og sov. Men dei fekk ikkje sove lenge. Seint på kvelden gjekk stalldøra opp og ein mann og ei dame kom inn.

-Det er Josef og Maria, sa eselet.

-Det er dei som eig meg. No er det like før babyen deira skal bli født. Men dei har visst ikkje funne nokon plass å bu.

Oksen reiste seg og gjorde seg så stor og brei han kunne. -Dei får i alle fall ikkje lov å bu her, i min stall, brølte han. Men Maria gjekk bort til oksen og klødde han i panna, midt mellom dei spisse, farlege horna. Og med eitt var ikkje oksen sinna lenger. Han strakte ut ei lang tunge og slikka Maria på handa. Så la han seg ned, tett inntil

veggen. Midt på golvet vart det akkurat plass til Maria og Josef.



### Jesusbarnet

Det var trengt i stallen. Maria låg på golvet med hovudet på magen til eselet. Josef satt inntil oksen og heldt Maria i handa. Oksen sov litt, men med eitt hørde han eit lite barn som skreik. Han opna auga, og der låg Maria med ein liten, nyfødd gut i armane sine.

-Han heiter Jesus, sa eselet. -Men eg trur han frys. Han har jo ikkje nokon seng og ikkje nokon dyne.

-Han kan låne krubba mi, sa oksen. -Ho er full av høy, og høy er både mjukt og varmt.

Maria smilte. Ho tulla Jesusbarnet inn i eit tøy-stykke og la han i krubba. Oksen og eselet la seg tett inntil krubba så Jesus ikkje skulle fryse.

Og utanfor song englane.







Slekt  
skal følgje  
slekters  
gang



## Frå kyrkjebøkene

### Innvik prestegjeld, Hornindal prestegjeld, Stryn prestegjeld

#### Utvik

##### Døypte

24/9 *Oliv Ariola Valaker*

for.: Anders Olav Valaker og Lusy Ariola.

##### Døde

28/2 *Agnar Sørland*, f. 1917

28/2 *Ragnhild Hestenes*, f. 1920

13/4 *Leif Rune Hage*, f. 1959

28/4 *Einar Molderheim*, f. 1933

1/6 *Knut Martin Fonn*, f. 1933

7/10 *Helga Bruland*, f. 1926

#### Innvik

##### Døypte

13/4 *Sanna Skrede Kjellevold* for.:

Kim Andre Kjellevold og Ane Skrede.

##### Vigde

27/5 *Einar Hilde* og *Maren Hollakleiv Samstad*.

##### Døde

3/2 *Brit Skåden*, f. 1936.

18/4 *Arne Bjørsvik*, f. 1937.

25/5 *Dorte Heggdal*, f. 1923.

#### Olden

##### Døypte

5/2 *Wilhelm Mykløen Sunde* for.:  
*Andreas Sunde* og *Anne Mykløen Sunde*

26/2 *Birk Larsen Flo* for.: *Vegar Øvstetun Flo* og *Miriam Larsen*.

16/4 *Johannes Leander Høgalmen* for.: *Stig Erik Høgalmen* og *Kathrine Høgalmen*.

7/5 *Viktoria Hansen*

for.: *Kristian Hansen* og *Malin Wangen Lundebrekke*.

7/5 *Josefine Skarstein-Førde* for.:  
*Espen André Førde* og *Gunn Hege Skarstein*.

25/5 *Rasmus Malm Aabrekk* for.:  
*Sindre Aabrekk* og *Ingeborg Malm Aabrekk*.

16/7 *Alma Skarstein* (døpt i Loen)  
for.: *Odd Atle Skarstein* og *Anita Skarstein*. (Retta namn)

1/10 *Thea Niki Kvamme*

For.: *Jan Frode Kvamme* og *Lone Frøholm Kvamme*.

##### Vigde

8/4 *Jørn Inge Nedrebø* og *Gunnhild Aabrekk*.

13/5 *Per-Johnny Tenden* og *Cecilie Sunde*

27/5 *Øyvind Sunde* og *Barbro Stange Erland*.

##### Døde

25/1 *Brita Løken*, f. 1919.

1/2 *Agnes Dagny Melkevold*, f. 1917.

10/2 *Aasta Eide*, f. 1938.

23/3 *Jakob Andreas Kvamme*, f. 1920.

3/5 *Dagrun Ingrid Indrebø*,  
f. 1931.

24/9 *Bjarne Fagerlid*, f. 1940.

#### Hornindal

##### Døypte

10/9 *Matheo Raftenvold Fjellvang* For.  
*Siri Lunde Raftenvold* og *Tormod Andre Fjellvang*

10/9 *Kamilla Fjellvang Ungersness* For.  
*Karoline Marie Fjellvang* og *Bjørn Ungersness*

1/10 *Elina Prøven Faulk*

For. *Silvia Prøven Tangen* og *Erik-Charles Faulk*

##### Vigde

9/9 *Regine Gausemel* og *Bjarte Midtbø*

9/9 *Bente Hildegunn Tryggstad* og  
*Harald Peder Stennes*

#### Nordsida

##### Døypte

22/10 *Emil Berg Ulvedal*

For. *Ingunn Leirset Berg* og *Pål Bergset Ulvedal*

#### Oppstryn

##### Døypte

24/9 *Oline Solheim* For. *Christine Hagen* og *Rune Solheim*

24/9 *Tomine Solheim* For. *Hilde Dragesæt* og *Endre Cato Solheim*

22/10 *Levi Haugen Sønsterudbråten*

For. *Camilla Haugen* og *Jørn Sønsterudbråten*

#### Nedstryn

##### Døypte

3/9 *Theodor Elsrud Bø*

For. *Benedicte Willand Elsrud* og  
*Sigve Bø*

1/10 *Thea Niki Kvamme*

For. *Lone Frøholm Kvamme* og *Jan Frode Kvamme*

1/10 *William Teige Silden* For. *Jeanette Teige* og *Jarl-Ove Silden*

1/10 *Alexander Følsvik*

For. *Inger Helen Dalebø Følsvik* og  
*Sigfred Følsvik*. Døpt i

*Kilsfjord kyrkje*

15/10 *Agnar Bergset Hjelle*

For. *Gudrun Sætre Bergset* og *Lasse Hjelle*

##### Vigde

2/9 *Tina Henningsen Gjerde* og  
*Frode Gjerde*

2/9 *Anne Marit Rørtveit* og *Andreas Larsen Håvoll*

##### Døde

24/8 *Kjellaug Lunde* f. 1936

26/8 *Berit Ruth Hatlenes* f. 1947

#### Loen

##### Døypte

10/9 *Luka Bødal Egge* For. *Elise Bødal*  
og *Kristian Hool Egge*

8/10 *Olivie Sølberg Vinsrygg* For. *Mari Blø Sølberg* og *Christian Anders Vinsrygg*

##### Vigde


26/8 *Renate Bergsnes Brandsdal* og  
*Odd Harald Kvalsund*

16/9 *Pia Louise Farstad* og *Ruben Are Dyb*

##### Døde

16/8 *Aud Marie Loen* f. 1942

17/9 *Knut Andreas O. Rake* f. 1926



# Søndag er kyrkjedag

## Gudstenester i Indre Nordfjord

*Vi gjer merksam på at det kan verte endringar, nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avisa "Fjordingen".*

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i nabokyrkja.

### 18. november; laurdag

- Kyrkjelydsstova, Hornindal  
15:00 Kyrkjelydsbasar.

### 19. november; 24. s i tree-

iningstida – Matt 18, 1-6 10-14

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste med tema Mennesket er ikkje til sals. Ved Henny Koppen

- Hornindal 11:00

Reformasjongsudsteneste med tema Mennesket er ikkje til salgs. Ved Hege Høibye

- Innvik 16:00 Gudsteneste

### 26. november; Domssøndag / Kristi kongedag

– Matt 25, 31-46

- Nedstryn 19:00 Gudsteneste. Ved Henny Koppen

### 03. desember; 1. s i advent

– Luk 4, 16-22a

- Nedstryn 11:00 LysVaken

- Innvik 11:00 Adventsgudsteneste. Ved Harald Runde

- Nordsida 11:00 LysVaken

### 10. desember; 2. s i advent

– Luk 21, 27-36

- Loen 11:00 Gudsteneste. Ved Henny Koppen

- Grendahuset, Randabygd  
12:00 Gudsteneste og basar

### 17. desember; 3. s i adventstida

– Luk 3, 7-18

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Henny Koppen

- Ljosheim 11:00 Førjulsgudsteneste. Ved Harald Runde

- Nordsida 15:00 Julekonsert

- Olden 16:00 Julekonsert

- Utvik 16:00 Julekonsert  
- Innvik 18:00 Julekonsert

- Hornindal 18:00 Julekonsert med Hornindal songlag mfl.

### 24. desember; 4. s i advent/ julafta

– Luk 1, 39-45 / Luk 2, 1-20

- Randabygd 13:00 Høgtids-  
gudsteneste. Ved Hege Høibye

- Olden 14:00 Høgtidsgudstene-  
ste. Lek gudstenesteleiar

- Loen 14:30 Høgtidsgudstene-  
ste. Ved Henny Koppen

- Utvik 14:30 Høgtidsgudstene-  
ste. Ved Harald Runde

- Nordsida 15:00 Høgtidsgud-  
steneste. Ved Hege Høibye

- Innvik 16:00 Høgtidsgudste-  
neste. Ved Harald Runde

- Nedstryn 16:15 Høgtidsgud-  
steneste. Ved Henny Koppen.

Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

### 25. desember; Juledag

– Joh 1, 1-14

- Olden 12:00 Høgtidsgudstene-  
ste. Ved Harald Runde

- Hornindal 12:00 Høgtidsgud-  
steneste. Ved Hege Høibye

- Oppstryn 13:00 Høgtidsgud-  
steneste. Ved Henny Koppen

### 26. desember; Stefanusdag / 2. juledag – Matt 10, 16-22

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Henny Koppen. Takkoffer til misjonsprosjektet i Mali

- Misjonsheimen, Innvik 11:00  
Gudsteneste. Ved Harald Runde

- Nordsida 12:00 Gudsteneste. Ved Hege Høibye

### 31. desember; Nyårsafta

– Joh 14, 27

- Hornindal 15:00 Gudsteneste. Ved Hege Høibye

### 01. januar; nyårsdag / Jesu namnedag – Matt 1, 20b-21

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Henny Koppen

- Utvik 12:00 Nyttårgudstene-  
ste. Ved Harald Runde

### 06. januar; laurdag

- Hornindal omsorgsenter, Jule og nyttårsfest

### 07. januar; Kristi åpenber- ringsdag – Luk 2, 40-52

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Henny Koppen

- Olden 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde

- Nordsida 11:00 Gudsteneste. Ved Hege Høibye

### 14. januar; 2. s i åpenberrings- tida – Mark 1, 3-11

- Nedstryn 11:00 Speidargud-  
steneste. Ved Henny Koppen

- Innvik 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde

### 21. januar; 3. s i åpenberrings- tida – Joh 4, 4-26

- Utvik 11:00 Gudsteneste. Ved Hege Høibye

### 28. januar; Såmannssøndag – Mark 4, 26-34

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Henny Koppen

- Olden 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde

- Nordsida 11:00 Karnevalsgud-  
stenese

- Bygdehuset, Loen 15:00 Gud-  
steneste og Kyrkjelydens årsfest. Ved Henny Koppen

### 04. februar; Kristi forklarings- dag – Mark 9, 2-13



- **Oppstryn 11:00** Gudsteneste.  
Ved Henny Koppen  
- **Innvik 11:00** Søndagsskulen  
sin dag. Ved Harald Runde  
- **Randabygd 13:00** Friluftsgud-  
steneste. Ved Hege Høibye

### 11. februar; Fastelavnssøndag

- *Joh 12, 20-33*  
- **Nedstryn 11:00** Gudsteneste.  
Ved Henny Koppen  
- **Hornindal 11:00** Karnevals-  
gudsteneste. Ved Hege Høibye  
- **Olden 16:00** Gudsteneste. Ved  
Henny Koppen

### 18. februar; 1. s i fastetida

- *Matt 16, 21,23*  
- **Utvik 11:00** Gudsteneste. Ved  
Harald Runde  
- **Nordsida 11:00** Gudsteneste.  
Ved Hege Høibye

### 25. februar; 2. s i fastetida

- *Luk 7, 36-50*  
- **Loen 11:00** Gudsteneste. Ved  
Henny Koppen  
- **Olden 11:00** Gudsteneste. Ved  
Harald Runde  
- **Nedstryn 19:00** Gudsteneste.  
Ved Henny Koppen

### 04. mars; 3. s i fastetida

- *Mark 9, 17-29*  
- **Oppstryn 11:00** Gudsteneste.  
Ved Henny Koppen. Tårnagent  
- **Hornindal 11:00** Gudsteneste.  
Ved Hege Høibye

### 11. mars; 4. s i fastetida

- *Joh 3, 11-16*  
- **Nedstryn 11:00** Gudsteneste.

Ved kateket Beate Nes. Tårna-  
gent

- **Innvik 11:00** Gudsteneste. Ved  
Harald Runde. Tårnagent

### 18. mars; Maria bodskapsdag

- *Luk 1, 46-55*  
- **Loen 11:00** Gudsteneste. Ved  
Henny Koppen  
- **Olden 11:00** Gudsteneste. Ved  
Harald Runde  
- **Randabygd 11:00** Gudstene-  
ste. Ved Hege Høibye. Tårna-  
gent for Nordsida og Randa-  
bygd  
- **Nedstryn 19:00** Gudsteneste.  
Ved Henny Koppen. Bjarte  
Sætre vert med

### 25. mars; Palmesøndag

- *Matt 26, 6-13*  
- **Utvik 11:00** Gudsteneste. Ved  
Harald Runde  
- **Nordsida 11:00** Gudsteneste.  
Ved Hege Høibye  
- **Ljosheim, Oldedalen 19:30**  
Kveldsgudsteneste. Ved Harald  
Runde

### 29. mars; Skjærtorsdag

- *Luk 22, 14-23*  
- **Innvik 11:00** Gudsteneste. Ved  
Harald Runde  
- **Bøasetra, Stryn** Friluftsgud-  
steneste. Ved Henny Koppen  
- **Bruasetra, Hornindal 12:00**  
Friluftsgudsteneste  
- **Oppstryn 20:00** Kveldsgudste-  
neste. Ved Henny Koppen

### 30. mars; Langfredag

- *Joh 18, 19-19, 42*  
- **Nedstryn 11:00** Gudsteneste.  
Ved Henny Koppen  
- **Olden 20:00** Gudsteneste. Ved  
Henny Koppen  
- **Hornindal 20:00** Pasjonsgud-  
steneste. Ved Hege Høibye

### 31. mars; Påskennatt / Ottesang

- **Hornindal 23:00** Påskennatt.  
Ved Hege Høibye

### 01. april; Påskedag

- *Matt 28, 1-10*  
- **Nedstryn 11:00** Høgtidsgud-  
steneste. Ved Henny Koppen  
- **Olden 11:00** Høgtidsgudstene-  
ste. Ved Harald Runde  
- **Randabygd 12:00** Høgtids-  
gudsteneste. Ved Hege Høibye  
- **Oppstryn 13:00** Høgtidsgud-  
steneste. Ved Henny Koppen

### 02. april; 2. påskedag

- *Luk 24, 36-45*  
- **Nordsida 11:00** Høgtidsgud-  
steneste. Ved Henny Koppen  
- **Loen 18:00** Salmekveld. Ved  
Henny Koppen

### Stryn kyrkjekontor

Stryn kyrkjekontor flytta til  
Rognehaugen 11 tidlegare i  
sommar.

Alle telefonnummer for fast-  
telefon er skifta ut med nye.

På side 5 finn du oversikten.

## KAFFEKROKEN





# B Informasjon/ Full distribusjon

Returadresse: Rindane, 6788 Olden

## Juleevangeliet

etter Lukas



I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var fyrste gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Josef òg fór frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davids byen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der. Maria, festarmøya hans, var med han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den fyrstefødde; ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var

ikkje rom åt dei i herberget. Det var nokre gjætarar der i grannelaget, som låg ute og vakta sauene sine om natta. Best det var, stod ein engel frå Herren framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei fælende redde. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Eg kjem med bod til dykk om ei stor glede som skal timast alt folket. I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by; han er Kristus, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmel hær saman med engelen; dei lova Gud og kvad:

«Ære vere Gud i det høgste,  
og fred på jorda  
blant menneske som  
Gud har hugnad i!»

Då englane hadde fare frå dei og attende til himmelen, sa gjætarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem



og sjå dette som har hendt, og som Herren har kunngjort oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrde på, undra seg over det gjætarane fortalde. Men Maria gøymde alt dette i hjarta sitt og grunda på det. Og gjætarane vende attende, medan dei lova og prisa Gud for det dei hadde høyrte og sett; alt var så som det hadde vorte sagt dei.



Neste nummer får du i posten rundt 15. mars. Redaktør vert Knut Sigurd Gald. Vi tek svært gjerne i mot stoff på e-post til: [post@kyrkjeklokka.no](mailto:post@kyrkjeklokka.no) innan 17. februar.